

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 21.02.2013 kl 16:00 – 19.30 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.
Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 001/13 - 018/13
Innkalling til møtet var sendt ut den: 15.02.2013.

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Ragnvald Tangedal	Karstein Totland, ordførar	Vigdis Jorunn Søvik
Arthur Reidar Sjursen	Frode Langhelle	Geir Egil Haugsvær, vara
Bjørn Egil Nordland	Wenke Fredheim Ekren	
	John Torgeir Torsvik	
	Vebjørn Haugsdal, vara	
	Kjetil Fjellby	
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
	Lene Hansen Kvamsdal	Jon Terje Sætre

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Marit Steinestø, varaordførar	Janne Judith K. Sandnes, vara	Egil Kvingedal
Lillian Andvik	Ørjan Daae, vara	Tove K. Sleire Tistel
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
	Willy Borge	
	Erlend Kvamsdal	

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Rådgjevar Anne Kristin Rafoss
Ass. rådmann Sveinung Toft
Konsulent Gerd Allis Håheim som førte møteboka

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Ordførar Karstein Totland
Utlevert i møtet:	Hefte frå KS – formannskapslovene 175 år Tilleggssakliste sak 18/13 Masfjorden vassverk – intensjonsavtale (utsendt elektronisk 19.februar)
Orientering:	Håvard Tveit orienterte frå landbrukskontoret
Sp.mål/interpell.:	To innkomne spørsmål frå: <ul style="list-style-type: none"> • Ragnvald Tangedal om parkeringsplassar sjukeheimen og • Helselaga i Masfjorden i høve planar for betra tilbod til heimebuande som treng heimesjukepleie i Masfjorden. Brevet vart utdelt i møtet.

Møtet starta med at Håvard Tveit, landbrukssjef, orienterte frå landbrukskontoret og korleis stoda er for landbruket i Masfjorden.

Innkallinga vart godkjent.

Ordførar Karstein Totland orienterte om ei tilleggsak sak 18/13 Masfjorden vassverk - intensjonsavtale som var sendt ut på epost tysdag 19.02.13.

Sakslista vart godkjent.

Ordførar Karstein Totland gjorde framlegg om Frode Langhelle og Tove Kristin S. Tistel til å skriva under møteboka.

Dette vart samrøystes godkjent.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
		Spørsmål – interpellasjoner til kommunestyret	5
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
001/13	13/138	Godkjenning av møteprotokoll	8
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
002/13	12/16	Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden 2012 - 2015 - val av personar til Masfjordgruppa	9
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
003/13	13/86	Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden 2013-14	12
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
004/13	13/108	Endring i delegeringsreglementet - grunnskuleopplæring for vaksne	15
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
005/13	12/699	Samarbeidsavtale mellom Idrettsrådet i Masfjorden og Masfjorden kommune	17
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
006/13	13/36	Avtale om etablering av Øyeblikkeleg hjelp (ØH) senger i Nordhordland	20
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
007/13	13/80	Geologiske tenester knytt til planarbeid for Masfjordsambandet - finansiering	26
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
008/13	09/213	BKK Nett AS - 300 kV kraftledning Mongstad - Modalen	30
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
009/13	12/726	Oppheving av reguleringsplan for Krossleite industriområde	42
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
010/13	12/742	Oppheving av reguleringsplan for Byrkjeland	46
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
011/13	11/765	Reguleringsplan - Liarinden bustadfelt - eigengodkjenning	51
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
012/13	13/83	Høyringsuttale frå Masfjorden kommune - Søknad frå Wergeland-Halsvik AS - Handtering og deponering av radioaktivt avfall	58
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
013/13	13/135	Fråsegn søknad om utviding av produktspekter og omlasting skip til skip ved kai i Gulen kommune	54

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
014/13	13/113	BRUK AV RESERVERTE KONTRAKTAR INNAFOR INNKJØPSOMRÅDET	67
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
015/13	13/137	Skriv og meldingar	71
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
016/13	13/136	Delegerte vedtak	73
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
017/13	12/590	Søknad om nytt salsløyve for Nordbygda senter AS i samband med eigarskifte	74
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
018/13	07/45	Masfjorden vassverk - intensjonsavtale	79

SPØRSMÅL – INTERPELLASJONAR TIL KOMMUNESTYRET 21.02.2013:

Spørsmål frå Ragnvald Tangedal:

Har fått et spørsmål fra noen innbyggere ang. parkeringsplasser eller mangel på parkeringsplasser ved Masfjorden Sjukeheim. Ofte er det helt fullt der, det er parkerte biler ute i veien. Ser at der er ikke merket opp plasser for besøkende , ei heller plasser for funksjons hemmende.

Eg fikk forslag om eventuelt fjerne noe grønt areal til fordel for parkeringsplass, men det er vel å gå litt drastisk til verks. Hva om de ansatte parkerer på nedsiden ? Det vil frigjøre mengde plasser utenfor hovedinngangen. Kan dette være en løsning?

Tangedal tok og opp at det er viktig å få på plass parkeringsplassar for funksjonshemma.

Svar frå ordførar:

Ordførar vil ta dette opp med sjukeheimen med oppmoding om at dei tilsette parkerar på nedsida av huset.

Kommunen vil syta for at det blir merka plassar for funksjonshemma ved dei kommunale bygga.

Spørsmål frå helselaga i Masfjorden til kommunestyret 21.02.2013:

FØRESPURNAD VEDRØRANDE PLANAR FOR BETRA TILBOD TIL HEIMEBUANDE SOM TRENG HEIMESJUKEPLEIE I MASFJORDEN KOMMUNE.

Det er dokumentert at førebyggjande arbeid er helsefremjande og aukar livskvaliteten. Me er kjende me at samhandlingsreforma har gjeve 2,3 millionar kroner frå staten til vår kommune. Ein reknar med at 1,8 millionar vil gå til medfinansiering i spesialhelsetenesta. Skilnaden mellom desse summene er meint å gå til førebyggjande tiltak i kommunen. Me i Nasjonalforeininga for folkehelsa, helselaga i Masfjorden, står samla i spørsmålet til kommunestyret om korleis de tenkjer å bruka desse midlane?

Helselaga arbeider med å sikra livskvaliteten til innbyggjarane i alle bygdene i kommunen vår. Ei av oppgåvene er å arbeida for å få etablert eit døgntilbod i heimetenestene, slik at heimebuande kan bu heime lengst mogleg. Dette vil avhjelpa «trykket» på sjukeheimen. Me treng operativ nattpatrulje i alle delar av kommunen. Eldre og yngre brukarar må få tilbod om tilsyn om natta for å kunne føla seg trygge i eigen heim.

Helselaga i Masfjorden ser fram til at kommunestyret tek denne utfordringa opp til drøfting med von om ei snarleg løysing.

Med helsing
for helselaga i Masfjorden

Gro Marit Kvinge Tande
- leiar i Kvinge helselag -

Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl orienterte i høve spørsmålet om Nattpatrulje om behovet i heimetenseta, organisering, kostnader, prioritering osv.

Tilråding til oppfølging av interpellasjonen frå rådmannen, som Kommunestyre slutta seg til:

Etablering av nattpatrulje er kostnadskevjangende tiltak. Dette må vurderast opp i mot rammesaka til våren og som del av budsjettarbeidet for 2014. Behov for nattpatrulje må samanhaldast med andre tiltak og behov for tenester.

Spørsmål frå Tove Kristin S. Tistel:**Framdrift på næringsutvikling på Hosteland Vest.**

Venstre vil ha framdrift for planområde Hosteland og etterlyser status i dette. Me kan ikkje sjå at dette har noko god framdrift som kommunen kan vere stolt av. Det er aktuelt for lensmannsdistriktet å snarleg bytte lokale og me kan ikkje stå utan aktuelt areal, for store nok lokale som vil kunne ivareta næringsutvikling, samla tenester som politi, NAV, helse og gjerne brannvern på Hosteland.

Hosteland som me alle har fronta som eit sentrum som skal veksa! Ein områdeplan må på plass og me må som folkevalde ikkje gløyma at det er her me ville og vil ha servicenæringar fram. Ber om ein ordentleg gjennomgang av status og ordførar sitt svar på kva kommunen arbeider for når det gjeld Hosteland som sentrum og servicestad.

Svar frå ordførar:

Kommunen vil starta ein prosess for å få ei avklaring av areal ved Nordbygda senter.

Spørsmål 2: Status kring saka om muggsopp ved Nordbygda skule.

Kva er status kring saka om muggsopp ved Nordbygda skule og korleis vert dette handtert framover? Kva kostnader vil dette arbeidet gje kommunen?

Vil samstundes få belyse igjen kommune/skuleeigar, sitt høve no til å totalvurdere gymsalen og ta alle utbetringar-oppgradering som me meiner bør på plass for å vere eit tilfredstillande areal for kroppssøving og idrettsaktivitet på fritid. Dette arealet er det einaste inneareal for fysisk aktivitet i Nordbygda og med vårt fokus på folkehelse og førebyggjande helsearbeid – må me vurdere gymsal i sin heilheit for oppgradering.

Svar frå rådmann:

Dette er ei sak det vert arbeid med, og kor det kjem kostnader utover budsjett, og som kjem opp som del av saka kring budsjettrevisjonen i april.

Spørsmål frå Marit Steinestø, KrF, spurde om korleis vaktmeistertenesta ved kommunale bygg fungerer. Steinestø ber om evaluering av vaktmeistertenesta, jfr. spørsmål frå KrF i budsjettsaka.

Svar frå rådmann:

Dette er og ei sak som er naturleg å ta i samband med sak budsjettrevisjonen i april.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	21.02.2013	001/13	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 13/138
-----------	---------------------

SAK 01/13 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 11.12.2012 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-001/13 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 11.12.2012 vert godkjent slik han ligg føre med denne endringa:

I K-sak 123/12 Regulering av husleige under kva som skjedde i møtet sto det at Jostein Duesund vart kjent gild. Dette var feil. Jostein Duesund vart kjent **ugild** av kommunestyret. Dette er retta opp i møteboka.

Det skjedde i Kommunestyret den 21.02.2013:

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Valnemnda	30.01.2013	001/13	Aina Isdal Haugland
Kommunestyret	21.02.2013	002/13	Aina Isdal Haugland

Arkiv: N-010.1	Arkivsaknr.: 12/16
----------------	--------------------

SAK 02/13 - LOKALSAMFUNNSUTVIKLING I MASFJORDEN 2012 - 2015 - VAL AV PERSONAR TIL MASFJORDGRUPPA

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Personar til Masfjordgruppa:

1.
2.
3.
4.

VALN-001/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Tove Kristin Sleire Tistel, 5986 Hosteland
2. Vebjørn Haugsdal, 5981 Masfjordnes
3. Arne Berg 5985 Matredal
4. ikkje avklart enno

Det skjedde i Valnemnda den 30.01.2013:

Valnemnda var samde i at viktige faktorar for å velja medlemmar til denne nye gruppa, var motivasjon hjå medlemmane, aldersbreidde, erfaring, representasjon frå alle sokna, 50: 50 kjønn.

Valnemnda drøfta om det var tenkt dei tidlegare gruppene som var sett ned skulle arbeide vidare med lokalsamfunnsutvikling, og kva mandat dei hadde. Dette kan verke noko uklart. Det er viktig slik valnemnda ser det at alt engasjement vert fremja mot same målsetnad - god lokalsamfunnsutvikling med folketalsauke!

Valnemnda er samde i framlegget på desse kandidatane:

1. Tove Kristin Sleire Tistel
2. Vebjørn Haugsdal
3. Arne Berg
4. ikkje avklart enno

KS-002/13 VEDTAK:

1. Tove Kristin Sleire Tistel, 5986 Hosteland
2. Vebjørn Haugsdal, 5981 Masfjordnes
3. Arne Berg 5984 Matredal
4. Ingrid Nielsen 5981 Masfjordnes

Det skjedde i Kommunestyret den 21.02.2013:

Leiar i valnemnda Tove Kristin S. Tistel orienterte.
Medlem nr. 4 vert Ingrid Nielsen, 5981 Masfjordnes.

Røysting:

Framlegget frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	U	26.01.2012	Hordaland fylkeskommunen	Søknad om fylkeskommunal støtte til lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden
2	I	24.04.2012	Hordaland Fylkeskommune	Regionalt utviklingsprogram for Hordaland 2012. Tilsegn om tilskot
7	I	04.12.2012	samferdselsavd Hordaland fylkeskommune	Svar på søknad - fylkeskommunalt tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar 2012
5	U	18.12.2012	Hordaland fylkeskommune	Tilskot til kommunale trafikksikringsplanar

Vedlagt: Sak 105/12 frå kommunestyret 11.12.2012.

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Viser til vedtak i kommunestyret den 11.12.2012.

- 1. Valnemna får i oppdrag å finna 4 personar til Masfjordgruppa.**
- 2. Kommunestyret løyver årleg kr. 30.000 i tre år til LivOGLyst.**

HØYRING

UTTALE

FAKTA

VURDERING

KONKLUSJON

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	12.02.2013	008/13	Alf Strand
Kommunestyret	21.02.2013	003/13	Alf Strand

Arkiv: N-210	Arkivsaknr.: 13/86
--------------	--------------------

SAK 03/13 - KOMPETANSEUTVIKLINGSPLAN FOR SKULANE I MASFJORDEN 2013-14

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner kompetanseutviklingsplanen for skuleåret 2013-2014 slik han ligg føre.

Finansiering

I samsvar med budsjett 2013. Kommunestyret må løyva nødvendige midlar i samband med den årlege budsjetthandsaminga.

Heimel

Opplæringslova § 10-8

FS-008/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret godkjenner kompetanseutviklingsplanen for skuleåret 2013-2014 slik han ligg føre.

Det skjedde i Formannskapet den 12.02.2013:

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

KS-003/13 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner kompetanseutviklingsplanen for skuleåret 2013-2014 slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 21.02.2013:

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	15.01.2013	Utdanningsdirektoratet	Kompetanseutvikling for skuleleiarar
4	I	05.02.2013	Utdanningsdirektoratet	Søknadsprosedyrer og tildeling av midlar til vidareutdanning
5	I	05.02.2013	Gnist Hordaland	Kartlegging av skular med ungdomssteg i Hordaland

BAKGRUNN

Kompetanseutviklingsplan for grunnskulen for perioden 2012-2015 vart vedteken i kommunestyremøte 29. mars 2012. Det vert laga ein årleg handlingsplan som byggjer på treårsplanen.

FAKTA

Vidareutdanning:

I 2012 har Masfjorden kommune fått i overkant av kr 330000 i statlege midlar til å auka kompetansen for personalet i grunnskulen i høve til læreplanen Kunnskapsløftet. Midlane har i stor grad gått til å dekkja vikarutgifter i samband med vidareutdanning. Tre lærarar er i gang med vidareutdanning dette skuleåret.

Fordelinga mellom stat, kommune og lærar vart endra i den nye ”Strategi for etter- og vidareutdanning” som er vedteken for perioden 2012-15. No dekkar staten 50% av vikarutgiftene, kommunen 25% og læraren 25%. Dessutan dekkar kommunen kostnader til reise, opphald, læremiddel og andre studieutgifter for dei som har fått plass på vidareutdanning. Det er eit krav at kommunen kvart år gjev ei tilbakemelding til staten på korleis midlane har vorte brukte.

I Masfjorden kommune sitt budsjett for 2013 er det sett av kr 300000 til vidareutdanning.

Etterutdanning:

Dei statlege midlane til etterutdanning har minka dei to siste åra. Grunnen er at staten ynskjer å bruka meir av pengane til vidareutdanning som gjev studiepoeng og dermed auka formell kompetanse. Men vidareutdanninga når berre nokre få lærarar, og det er viktig at alle lærarar får auka kompetansen sin på område som er viktige for skulen. Hausten 2012 brukte skulane våre ein til to planleggingsdagar til felles kursing av lærarane i leseopplæring. Nordhordland kursregion arrangerer ein del fagkurs som lærarar kan søkja plass på, m.a på felles planleggingsdagar. Masfjorden kommune fekk 30000 kr til etterutdanning av lærarar i 2012.

VURDERING

§10-8 i Opplæringslova slær fast at ”Skuleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skuleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med sær oppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling, ”...

Den vedlagde kompetanseutviklingsplanen skal ivareta dette aspektet. Tilbakemeldingane etter den fyrste perioden med "Strategi for etter- og vidareutdanning" er gode. Høgskulane har fått statlege midlar til å utvikla eit godt vidareutdanningstilbod. Etterutdanningstilbodet i regi av Nordhordland kursregion og høgskulane har også høg kvalitet.

St prp nr 1 (2006-07) seier at "...det er skoleeigars ansvar og oppgåve å sørge for at den einskilde skolen og læreverksemda vurderer kva for kompetanseutviklingstiltak dei bør prioritere for å kunne gjennomføre reforma i den einskilde verksemda".

Skulane har kome med sine ønskje om etterutdanning. Desse ønskja er fletta inn i planen. Kommunestyret sa i sak 6/2010 at "for å betra resultata i basisfaga skal ein prioritera vidareutdanning i norsk, matematikk og engelsk for heile grunnskulen."

KONKLUSJON

Dersom kommunen i framtida skal få tildelt statlege kompetansemidlar, må kommunestyret kvart år vedta ein handlingsplan . Den vedlagde handlingsplanen byggjer på ønskje om vidare- og etterutdanning som den einskilde rektor har henta inn frå sine tilsette. Samstundes er det lagt vekt på kva fag rektorane meiner at skulane treng auka kompetanse i. Rådmannen tilrår at kommunestyret godkjenner kompetanseutviklingsplanen for 2013-2014 slik han ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	21.02.2013	004/13	Alf Strand

Arkiv: N-033

Arkivsaknr.: 13/108

SAK04/13 - ENDRING I DELEGERINGSREGLEMENTET - GRUNNSKULEOPPLÆRING FOR VAKSNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret delegerer retten til å gjera vedtak i saker som gjeld grunnskuleopplæring for vaksne, til rådmannen.

Finansiering

Heimel

KS-004/13 VEDTAK:

Kommunestyret delegerer retten til å gjera vedtak i saker som gjeld grunnskuleopplæring for vaksne, til rådmannen.

Det skjedde i Kommunestyret den 21.02.2013:

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING/ FAKTA/VURDERING:

Masfjorden kommune sitt delegasjonsreglement seier ikkje noko om mynde til å treffa vedtak som gjeld grunnskuleopplæring for vaksne. Dette vart oppdaga då me hadde tilsyn frå Fylkesmannen på dette området hausten 2012. Sidan me ikkje har hatt elevar som har fått slik undervisning på fleire år, har det truleg vorte gløymt å ta dette med då reglementet vart revidert sist. Formelt sett ligg dette myndet difor framleis til kommunestyret. Det er ikkje ei ordning som kan gjelda i praksis. Vedtak om grunnskuleopplæring for vaksne bør delegerast til rådmannen.

KONKLUSJON

I kap IV i Delegeringsreglementet , bokstav E, **delegering etter særlover** bør det leggest til følgjande under pkt. 6 **Opplæringslova:**

Grunnskuleopplæring for vaksne. Vedtaksmynde: Kommunestyret Vidaredelegert:

Rådmannen Klageinstans: Fylkesmannen

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	15.01.2013	002/13	Alf Strand
Kommunestyret	21.02.2013	005/13	Alf Strand

Arkiv: N-24

Arkivsaknr.: 12/699

SAK 05/13 - SAMARBEIDSAVTALE MELLOM IDRETTSRÅDET I MASFJORDEN OG MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner samarbeidsavtalen mellom idrettsrådet i Masfjorden og Masfjorden kommune slik han ligg føre.

Finansiering

Har ikkje budsjettkonsekvensar

Heimel

FS-002/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Formannskapet godkjenner samarbeidsavtalen mellom idrettsrådet i Masfjorden og Masfjorden kommune slik han ligg føre.

Det skjedde i Formannskapet den 15.01.2013:

Saka vart drøfta.

Framlegg til endring side 5 c i sjølve avtalen:

Inn med ” som sorterer under idrettsråde” under søknader om tilskot, som under tilrådingar.

Rådmannen si tilråding med endringa gjort i møtet vart samrøystes vedteke.

KS-005/13 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner samarbeidsavtalen mellom idrettsrådet i Masfjorden og Masfjorden kommune slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 21.02.2013:

John Torsvik, H, sa seg ugild i saka pga av at han er leiar i idrettsrådet.
Dette vart samrøystes vedteke.

Saka vart drøfta.

Marit Steinestø, KrF, gjorde merksam på at endring til side 5 c i avtalen gjort i formannskapet ikkje var teke inn i avtalen.
Rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at dette skulle blir gjort.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke,.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	25.10.2012	Idrettsrådet i Masfjorden v/John Torsvik	Framlegg til samarbeidsavtale mellom Idrettsrådet i Masfjorden og Masfjorden kommune

BAKGRUNN/ FAKTA/ VURDERING

Idrettsrådet i Masfjorden har sendt inn eit framlegg til samarbeidsavtale mellom idrettsrådet i Masfjorden og Masfjorden kommune. Idrettskrinsen ønskjer at det vert utarbeidd ein slik samarbeidsavtale i alle kommunane.

Samarbeidet mellom idrettsrådet og Masfjorden kommune fungerer greitt. For at ikkje kontakten skal vera heilt tilfeldig, er det greitt å ha ein samarbeidsavtale å halda seg til. Avtalen regulerer ikkje i detalj alt samarbeid mellom idrettsrådet og kommunen, men set opp nokre rammer rundt kva det er naturleg at partane samarbeider om.

KONKLUSJON

Rådmannen meiner at kommunestyret bør vedta samarbeidsavtalen slik han ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	12.02.2013	009/13	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	21.02.2013	006/13	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-016, N-40

Arkivsaknr.: 13/36

SAK 06/13 - AVTALE OM ETABLERING AV ØYEBLIKKELEG HJELP (ØH) SENGER I NORDHORDLAND

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til framlegget til avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt og øyeblikkelig hjelp (ØH) døgntilbod.

FS-009/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune sluttar seg til framlegget til avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt og øyeblikkelig hjelp (ØH) døgntilbod.

Det skjedde i Formannskapet den 12.02.2013:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Det er viktig å vera på å sikra at det vert kvalitet på tenestene som vert utført.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

KS-006/13 VEDTAK:

Masfjorden kommune sluttar seg til framlegget til avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt og øyeblikkelig hjelp (ØH) døgntilbod.

Det skjedde i Kommunestyret den 21.02.2013:

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
4	I	08.02.2013	Meland kommune	K-vedtak frå Meland kommune - Særavtale om kommunalt øyeblikkeleg hjelp døgntilbod i Nordhordland

- Kommunestyresak frå.2007: ”Nordhordland legevakt – samarbeidsavtale og delegasjon av myndigheit v/administrativt vertskommunesamarbeid.
- Kommunestyresak frå 2012: Nordhordland legevakt – styrking av legevakta og konsekvensar av nye oppgåver

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det formelle grunnlaget for saka finn ein i;

- Kommuneleva § 28e Samarbeidsavtalen.
- Nordhordland legevakt - samarbeidsavtale og delegasjon av myndigheit v/administrativt vertskommunesamarbeid av 2007
- Særavtale om kommunalt øyeblikkelig hjelp døgntilbod i Nordhordland av 2013.

I 2007 vedtok kommunane Austrheim, Masfjorden, Fedje, Radøy, Meland, Modalen og Lindås vertskommunesamarbeid om legevakt etter kommunelova § 28.

Desse kommunane, med tillegg av Gulen og Osterøy kommunar, slutta seg i slutten av 2012 til tilrådingane i saka ”Nordhordland legevakt – styrking av legevakta og konsekvensar av nye oppgåver”- m.a.:

- Gulen og Osterøy kommunar blir nye deltakarkommunar i legevaktssamarbeidet
- Interkommunalt samarbeid om døgnplassar for augeblikkeleg hjelp mellom kommunane Austrheim, Masfjorden, Fedje, Radøy, Meland, Modalen, Gulen, Osterøy og Lindås.

Med utgangspunkt i denne saka blir følgjande samarbeidsavtale tilrådd:



AVTALE OM ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID OM NORDHORDLAND LEGEVAKT OG ØYEBLIKKELIG HJELP (ØH) DØGNILBOD

Samarbeidskommunar:

Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Radøy, Gulen og Osterøy.

Lindås kommune er vertskommune for samarbeidet.

ANSVAR - OG OPPGÅVEFORDELING

Lindås kommune er vertskommune for legevaktssamarbeidet og det kommunale tilbudet om øyeblikkeleg hjelp døgnopphald i Nordhordland. Vertskommunen vil ha drifts-, personal og overordna fagleg ansvar for tilbudet.. Med tilvising til kommunelova kap 5A, § 28-1 e vert det inngått samarbeidsavtale mellom samarbeidskommunane og Lindås kommune som vertskommune. Oppgåver og avgjerdsmynde lagt til samarbeidet vert regulert, herunder også økonomiske forpliktelsar.

Med tilvising til kommunelova § 28-1 b nr. 3 og 4 får Lindås kommune v/rådmannen delegert ansvar og avgjerdsmynde for den administrative leiinga og dagleg drift av ØH – døgnilbodet. Overordna medisinsk fagleg ansvar er plassert hos legevaktsjefen ved Nordhordland legevakt.

Oppgåver – tillagt samarbeidet

- a) Medisinsk naudmeldeteneste (samband) og legevakt, herunder akuttmedisin innanfor legevakta si opningstid– eksklusiv daglegevakt*, jfr. lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-2.
- b) Eksternt finansierte prosjekter innan helsetenesta, med spesiell vekt på evaluering.
- c) Øyeblikkelig hjelp døgnilbud - , jfr. lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-5, tredje ledd.

Avgjerdsmynde – lagt til samarbeidet

- i) Diagnostisere og behandle akutte medisinske tilstander og sørge for henvisning til spesialisthelsetenesta ved behov - og å vurdere, gi råd og rettleie ved henvendingar om augeblikkeleg hjelp, jfr. lov om kommunale helse- og omsorgsteneste § 3-2 og § 3- 5, innanfor legevakta si opningstid – med unntak for daglegevakt*.
- ii) Treffe avgjerd om å gjennomføre eksternt finansierte relaterte prosjekt innan helsetenesta. Rekneskap for kvart prosjekt skal bli ført, og kvart prosjekt skal gå i rekneskapsmessig balanse (dvs. prosjektets eksterne inntekter skal gå opp i opp med prosjektets utgifter) **
- iii) Etablere og drifte kommunane sitt augeblikkeleg hjelp døgnopphald ihht *Særavtale om kommunalt øyeblikkelig hjelp døgnilbod i Nordhordland*. Tilbodet gjeld for personar som oppheld seg i kommunar som er part i denne avtalen. Jfr. lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-5,tredje ledd og § 3-1, første ledd
- iv) Førebuing av klagesaksbehandling etter lov om pasient- og brukerrettigheter § 7–2 i forhold til oppgåver nemnd under pkt. i) og iii) ovanfor , jfr.også kommunelova § 28 -1 f nr. 2. (Klagebehandling elles, sjå kommunelova § 28f).

* Med daglegevakt meinast i denne samanheng behandling av lege v/Nordhordland legevakt på dagtid i tidsrommet 0800 – 1530, kvardag.

** Prosjektverksemd er ikkje lovpålagt, og er følgeleg frivillig for kommunane.

TIDSPUNKT FOR OVERFØRING AV OPPGÅVER OG AVGJERDSMYNDE:

- Tidspunkt for overføring av oppgåver og avgjerdsmynde om legevakt for Gulen og Osterøy kommunar blir å avtale nærare
- Tek sikte på overføring av oppgåver og avgjerdsmynde om ØH-døgnplassar frå 01.09.2013.

UNDERRETNING OM VEDTAK

For å ivareta samarbeidskommunane sitt innsyns- og informasjonsbehov, skal samarbeidsavtalen innehalde regler for korleis vedtak som blir fatta i vertskommunen skal bli gjort kjent i samarbeidskommunane.

Eit naudsynt vilkår for at samarbeidskommunane skal ha høve til å bringe avgjerda inn for lovlegheitskontroll hos fylkesmannen etter § 59 i kommunelova er at samarbeidskommunane blir gjort kjent med vedtak fatta i vertskommunen.

Korleis underretninga skjer, er opp til avtalepartnerane å avgjere.

Behandling av budsjett og rekneskap

Rådmannen i Lindås kommune skal innan 1.september sende framlegg for budsjett for neste år og langtidsbudsjett til samarbeidskommunane – til høyring, med svarfrist innan 30.september.

Samarbeidskommunane skal bli orientert om rekneskapssituasjonen kvart kvartal, første gong rekneskapssituasjonen pr. 31.mars.

Vesentleg svikt i inntekter og/eller vesentleg auke av utgifter må bli meldt til samarbeidskommunane snarast råd.

Prosjekt

Samarbeidskommunane skal varslast straks om etablering av nye prosjekt. Kortfatta statusrapport på igongverande prosjekt skal bli oversendt deltakarkommunane, minst ein gong i året. Rekneskap for kvart einskild prosjekt skal bli lagt fram for samarbeidskommunane – snarast etter rekneskapsårets utløp.

Andre forhold

Vesentlege avvik i forhold til vilkår som er sett i samarbeidsavtalen blir å orientere samarbeidskommunane om snarast.

Informasjonsmåte

Rådmannen i Lindås kommune informerar administrasjonssjefane i dei respektive deltakarkommunane.

Regulering av det økonomiske oppgjeret

a) Deltaking i legevaktssamarbeidet:

Fordeling av økonomiske ressursar som skal bli tilført verksemda frå kommunane blir berekna som ein sum av årleg deltakaravgift og capita fordelte netto driftsutgifter. Årleg deltakaravgift pr. kommune: 17.4% av sum utgifter til fordeling blant kommunane delt på tal deltakarkommunar . Den resterande nettoutgift blir fordelt etter folketal i kommunane.

I tillegg må dei samarbeidande kommunane betale Lindås kommune som vertskommune administrasjonsgebyr.

b) Deltaking i ØH-døgnopphald tilbødet

Det er ein føresetnad for etablering av tilbødet at tilskot frå Helsedirektoratet vert innvilga.

Tilskotet til øyeblikkeleg hjelp døgnopphald i kommunen er basert på Helsedirektoratets rettleiingsmaterieil for tilskotet, herunder mellom anna berekningsgrunnlaget for tilskotet tatt inn i rettleiaren "Kommunenes plikt til øyeblikkeleg hjelp døgnopphold".

Partane er einige om at omfanget av øyeblikkeleg hjelp tilbødet i kommunen vert basert på berekningsgrunnlaget tatt inn i rettleiaren "Kommunenes plikt til øyeblikkeleg hjelp døgnopphold"

Tabellen under viser fordeling av antatt liggedøgn pr. kommune som øyeblikkelig hjelp døgnopphald skal famne, samt størrelse på tilskotet som vert utmåla og utbetalt kommunevis, jfr rettleiar. Dette vil bli justert fram til 2016'. Tilskottet frå kommunane må justerast tilsvarande.

Tilskotet skal uavkorta gå til tiltaket og vert overført til vertskommunen når det er innvilga. Vertskommunen skal sikre at midlane er øymerka dette tiltaket.

Frå 2016 er det meldt at midlar til dette tiltaket vert overført til kommunane gjennom rammetilskot. Berekna midlar til tiltaket skal også etter dette overførast til vertskommunen.

Samarbeidskommunane betalar a-konto kvart kvartal til Lindås kommune som vertskommune – første gong 31.03– etter budsjettert beløp. Endeleg oppgjer basert på rekneskapsavslutning for kvart år.

Oppseiingsfrist:

Samarbeidet kan bli sagt opp – med eitt års varsel. Likevel slik at samarbeidet opphøyrar ved kalenderårs utløp.

Viser elles til særavtalen om kommunalt øyeblikkelig hjelp døgntilbød i Nordhordland.

Administrativ nemnd

Administrativ nemnd har rådgjevande funksjon for rådmannen i Lindås kommune og for legevaktsleiinga i forhold til legevakta og døgnopphald for øyeblikkelig hjelp:

- Nemnd med 9 medlemmer – samansett av representantar frå politisk/administrativt/fagleg nivå blant deltakarkommunane. Kvar deltakarkommune skal vere representert i nemnda ved rådmann eller den rådmannen utpeikar.
- Framhald av fagråd - samansett av kommuneoverlegar i deltakarkommunane. Fagrådet er rådgjevande for legevaktsleiinga, og for nemnda.
- Desse organa bør m.a. kunne delta i vurderinga av ”nye” helsetiltak i regionen. Spesielt kan nemnda kome med tilrådingar/førebuingar i aktuelle nye saker, som i neste omgang kan bli presentert Helseutvalet/Regionrådet i Nordhordland, og derifrå eventuelt vidare til kommunane.

Driftsgruppe

Før tilbodet om døgnplassar for øyeblikkeleg hjelp startar opp skal partane etablere ei felles driftsgruppe som skal delta i vidareutvikling og evaluering av tilbodet. Driftsgruppa skal ha helsefaglege representantar frå kommunane i Nordhordland og Haraldsplass Diakonale Sjukehus. Driftsgruppa skal ha eige mandat som skildrar ansvar, oppgåver og arbeidsform.

Driftsgruppa skal fastlegge retningsliner for tenesta, utarbeide rutinar for handsaming av avvik og fastsetje indikatorar og kriterier for evalueringa av tilbodet. Dette skal ferdigstillast og godkjennast av alle kommunar snarast mogleg og seinast ein månad innan oppstart av tilbodet.

Faktorar av betydning på kommunenivå som påvirker pågang og kapasitet på legevakts-/ØH-døgnsengtilbodet

Kvar einskild deltakarkommune må tilstrebe at m.a.følgjande forhold blir ivaretekne for å sikre kapasiteten på legevakts-/ØH-døgnsengtilbodet:

- Fastlegekapasitet
- Tilgang til lege same dag
- Tilgang på sjukeheimslegar
- Kvalitet og kapasitet på sjukeheimstilbod og pleie- og omsorgstenester generelt
- Korttidsplassar
- Kapasitet til å ta imot utskrivningsklare pasientar frå sjukehus
- Medvirke til å unngå reinnleggingar
- Oppfølging av samarbeidsavtalane.

Avtalen om vertskommunesamarbeid mellom samarbeidskommunen og vertskommunen er grunnlag for:

- Delegasjon av avgjerdsmynde frå samarbeidskommunen til rådmannen i vedkomande kommune.
- Delegasjon av avgjerdsmynde frå rådmannen i samarbeidskommunen til rådmannen i Lindås kommune, som vertskommune.

KONKLUSJON

Samarbeidsavtalen er utarbeida i samarbeid mellom kommunane i Helseutval, Fagråd og Regionråd og prosessen er kvalitetsikra i desse utvala før politisk handsaming i dei einskilde kommunane.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	12.02.2013	010/13	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	21.02.2013	007/13	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-700, N-561.4

Arkivsaknr.: 13/80

SAK 07/13 - GEOLOGISKE TENESTER KNYTT TIL PLANARBEID FOR MASFJORDSAMBANDET - FINANSIERING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å innhenta tilbud og skrive kontrakt på geologiske tenester i samband med planarbeidet for Masfjordsambandet – bru over Masfjorden innafør ei kostnadsramme på kr 450 000.

Finansiering:

- Kr 150 000 frå brufondet i år 2013
- Kr 150 000 frå brufondet i år 2014/15
- Kr 150 000 frå brufondet i år 2016/17

Heimel: vedtak i kommunestyret og prioriteringane i kommuneplanen

FS-010/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Rådmannen får fullmakt til å innhenta tilbud og skrive kontrakt på geologiske tenester i samband med planarbeidet for Masfjordsambandet – bru over Masfjorden innafør ei kostnadsramme på kr 450 000.

Finansiering:

- Kr 150 000 frå brufondet i år 2013
- Kr 150 000 frå brufondet i år 2014/15
- Kr 150 000 frå brufondet i år 2016/17

Heimel: vedtak i kommunestyret og prioriteringane i kommuneplanen

Det skjedde i Formannskapet den 12.02.2013:

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

Egil Kvingedal, V, spurde om det ikkje hadde vore rimelegare å kjøpa eit enkeltoppdrag i staden for å binda seg til ein geolog 4 år fram i tid.

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss svara på korleis rådmannen hadde vurdert dette.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

KS-007/13 VEDTAK:

Rådmannen får fullmakt til å innhenta tilbud og skrive kontrakt på geologiske tenester i samband med planarbeidet for Masfjordsambandet – bru over Masfjorden innafor ei kostnadsramme på kr 450 000.

Finansiering:

- Kr 150 000 frå brufondet i år 2013
- Kr 150 000 frå brufondet i år 2014/15
- Kr 150 000 frå brufondet i år 2016/17

Heimel: vedtak i kommunestyret og prioriteringane i kommuneplanen

Det skjedde i Kommunestyret den 21.02.2013:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommunestyret har i kommuneplanen fastsett at bru over Masfjorden er hovudsatsinga for kommunen dei neste åra. Arbeidet så langt har vore fokusert på politisk arbeid opp mot regional transportplan. Siv.ing Helge Hopen har utarbeidd eit forprosjekt som skisserer trafikkgrunnlag, samfunnsnytte og finansieringsmodellar. Vegdirektoratet har kome med framlegg til alternative løysingar for fjordkryssinga. Trase for fjordkryssinga er lagt inn i kommuneplanen.

I sak 080/12 løyvde formannskapet kr 250 000 til forprosjekt. Etter anbudsrunde vart det skrivi kontrakt med Asplan Viak AS. Arbeidet er snart fullført og ein av konklusjonane så langt er trong for geologiske undersøkingar før ein kan velje trase og starte detaljplanlegging.

FAKTA

Realisering av prosjektet krev eit omfattande planarbeid som omfattar fjordkryssing og reguleringsplanar på begge sider for landfeste. Det er Masfjorden kommune som er planmynde og må utarbeide arealplanane. Arealplanane må vere vedtekne før statens vegvesen kan utarbeide detaljplanar / byggeplanar. Det er viktig at framdrifta i prosjektet ikkje vert forsinka av framdrifta i vårt eige planarbeid.

Ein områdeplanplan av eit slikt omfang me her planlegg, kjem inn under krava om planprogram og konsekvensutgreiing i pbl § 12-9. Ein konsekvensutgreiing vil omhandle fleire fagområde der kommunen må kjøpe tenester.

I møte med statens vegvesen den 09.01.2013 hjå Asplan Viak der kommunen møtte med både administrative og politiske (brugruppa) ressursar, vart følgjande føresetnader fastslått:

- Vegstandard etter ny handbok 017, U-Hø2 (tidlegare S1)
- Maks 60 km/t skilta fart
- Fråvikshandsaming fylkesveg er delegert til vegvesenet, høyring i fylkeskommunen ved store økonomiske konsekvensar

Viktige avklaringar som vegvesenet påpeika i møtet og som bør knytast til forprosjektet for å definere planarbeidet er:

- Geologi kring aktuelle brufeste – føresetnader for val av brutype og kostnader
- Seglingshøgde – føresetnad for val av brutype og kostnader

VURDERING

Planprogram er eit verktøy for å sikre blant anna at alle tema som vert berørt av tiltaket vert utgreidd tidleg i planarbeidet. Det er kommunestyret som tilslutt vedtar planprogrammet etter at det har vore på høyring.

Forprosjektet og planprogrammet vil klarleggje omfanget av områdeplanen(ane), tema for KU inkludert kva fagområde som må involverast, rekkefølge for utgreiingane og framdriftsplan for planarbeidet. Ein slik framgangsmåte gjer at ein sikrar målretta bruk av tilgjengelege ressursar – både fagleg og økonomisk.

Geologiske tenester er ikkje ein del av forprosjektet. Dersom me skal ha von om at forprosjektet skal kunne avklare traseval, må me ha inn geologiske tenester no i denne fasen. Dersom me får avklart trasevalet no, slepp ein å gå om kommunedelplan og kan starte det vidare arbeidt på reguleringsplannivå.

Arbeidet med forprosjektet så langt viser derfor at det vil vere nyttig å inngå kontrakt med geolog allereie i denne fasen av prosjektet. Ein må sikre seg at denne geologen kan følgje prosjektet i alle planfaser. Rådmannen stipulerer ein kostnad 400-450 000 fordelt på tre planfaser og 2-3 år.

Reglar for offentleg anskaffelse krev at min 3 tilbydarar må verte førespurt om å gje tilbod innafør nemnde kostnadsramme.

KONKLUSJON

Rådmannen har følgjande framlegg til vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å innhenta tilbod og skrive kontrakt på geologiske tenester i samband med planarbeidet for Masfjordsambandet – bru over Masfjorden innafør ei kostnadsramme på kr 450 000.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	12.02.2013	011/13	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	21.02.2013	008/13	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-650	Arkivsaknr.: 09/213
--------------	---------------------

SAK 008/13 - BKK NETT AS - 300 kV KRAFTLEIDNING MONGSTAD - MODALEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre handsama tilleggsutgreiingar og tilleggssøknader i samband med bygging av 300 (420) kV kraftledning frå Modalen til Mongstad, og gav følgjande uttale:

- Masfjorden kommune har ingen merknader til BKK sitt prioriterte traseval slik dei er lista på side 2 i søknad om endring og nye trasealternativ dagsett 06.12.2012.

Masfjorden kommunestyre vil på nytt peike på kor viktig kompensierende tiltak er for lokalsamfunna og gjentar difor følgjande punkt:

- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 132 kV lina frå koplingsanlegget på Matre, gjennom Grøn Næringspark, Matre som eit kompensierende tiltak. Denne linja blokkerer no byggeklart næringsareal.
- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 22 kV lina som går gjennom Trodalen, subsidiert å flytte luftlina bort frå byggeområde som eit kompensierende tiltak. Denne linja blokkerer no byggeklart bustadareal.
- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 22 kV lina som går gjennom byggefeltet på Haugsvær som eit kompensierende tiltak. Denne linja er i dag i konflikt med tenleg uteareal i byggefeltet. Ei kabling her vil og frigjera byggeklare bustadtomtar.
- Masfjorden kommune krev primært at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 300 (420) kv linje frå fv 570 til koplingspunkt for sjøkabel. Arealet i Ildalsvågen har allmenn samfunnsinteresse for tilkomst til sjø og Masfjorden kommune krev dette som avbøtande tiltak. Trase for sjøkabel frå Ildalen til Fensfjorden må plasserast slik at den ikkje hindrar allmenn ferdsel til sjø i området.

Finansiering

Ingen kostnad

Heimel § 1 i reglement for Masfjorden kommunestyre

Utskrift vert sendt:

BKK Nett AS	Pb 7050	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Pb 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	pb 7900	5020	BERGEN
NVE	Postboks 5091 Majorstuen	0301	OSLO

FS-011/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommunestyre handsama tilleggsutgreiingar og tilleggssøknader i samband med bygging av 300 (420) kV kraftleidning frå Modalen til Mongstad, og gav følgjande uttale:

- Masfjorden kommune har ingen merknader til BKK sitt prioriterte traseval slik dei er lista på side 2 i søknad om endring og nye trasealternativ dagsett 06.12.2012 med følgjande merknader:
- Masfjorden kommune ber NVE prioritera uforming av skulpturmast på Kråkehaugane.
- Ut frå nye høyringsuttalar og innspel i saka frå området Gråsida – Matre, ber vi ordføraren avklare nærare med BKK Nett om desse er gjennomførbare.

Masfjorden kommunestyre vil på nytt peike på kor viktig kompensierende tiltak er for lokalsamfunna og gjentar difor følgjande punkt:

- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 132 kV lina frå koplingsanlegget på Matre, gjennom Grøn Næringspark, Matre som eit kompensierende tiltak. Denne linja blokkerer no byggeklart næringsareal.
- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 22 kV lina som går gjennom Trodalen, subsidiert å flytte luftlina bort frå byggeområde som eit kompensierende tiltak. Denne linja blokkerer no byggeklart bustadareal.
- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 22 kV lina som går gjennom byggefeltet på Haugsvær som eit kompensierende tiltak. Denne linja er i dag i konflikt med tenleg uteareal i byggefeltet. Ei kabling her vil og frigjera byggeklare bustadtomtar.
- Masfjorden kommune krev primært at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 300 (420) kv linje frå oppsida av fv 570 til koplingspunkt for sjøkabel. Arealen i Ildalsvågen har allmenn samfunnsinteresse for tilkomst til sjø og Masfjorden kommune krev dette som avbøtande tiltak. Trase for sjøkabel frå Ildalen til Fensfjorden må plasserast slik at den ikkje hindrar allmenn ferdsel til sjø i området.
- BKK har konsesjonssøkt om ny koplingsstasjon på Haugsværdalen. Masfjorden kommune krev at NVE pålegg BKK planlegging og tilrettelegging av heile området som nytt industriareal og tilrettelegging av heile området Trodalen – Haugsvær med gang- og sykkeltrace som kompensierende tiltak.

Det skjedde i Formannskapet den 12.02.2013:

Kopi av innkomne innspel som er sendt NVE vart delt ut i møtet:

- John Torsvik, 5986 Hosteland
- Innspel frå Fylkesmannen i Hordaland
- Grunneigarane på Litle.Matre gnr 52
- Jan Olav Fosse gnr 51/1
- Ørjan Daae. 5986 Hosteland

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss orienterte og synte aktuelle trasear til kraftlinja fram på kart.

Saka vart drøfta.

Det skal gjevast uttale til to nye traserar som BKK har omsøkt. Begge alternativa kostar like mykje.

Røysting over endringsframlegg:

Det vart røysta over siste kulepunkt i rådmannen sitt framlegg med endring synt i kursiv:

- Masfjorden kommune krev primært at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 300 (420) *kv linje frå oppsida av fv 570* til koplingspunkt for sjøkabel. Arealet i Ildalsvågen har allmenn samfunnsinteresse for tilkomst til sjø og Masfjorden kommune krev dette som avbøtande tiltak. Trase for sjøkabel frå Ildalen til Fensfjorden må plasserast slik at den ikkje hindrar allmenn ferdsel til sjø i området.

Samrøystes.

Nytt kulepunkt.

- BKK har konsesjonssøkt om ny koplingsstasjon på Haugsværdalen. Masfjorden kommune krev at NVE pålegg BKK planlegging og tilrettelegging av heile området som nytt industriareal og tilrettelegging av heile området Trodalen – Haugsvær med gang- og sykkeltrace som kompenserande tiltak.

Samrøystes.

Nytt kulepunkt.

- Masfjorden kommune ber NVE prioritera uforming av skulpturmast på Kråkehaugane.

Samrøystes.

Nytt kulepunkt:

- Ut frå nye høyringsuttalar og innspel i saka frå området Gråside – Matre, ber vi ordføraren avklare nærare med BKK Nett om desse er gjennomførbare.

Samrøystes.

Røysting over heile framlegget:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med endringar gjort i formannskapet vart samrøystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

KS-008/13 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre har handsama tileggsutgreiingar og tilleggssøknadar dagsett 6.12.2012 og har fylgjande merknader og krav til kompenserande tiltak i samband med dei inngrep som kraftlinja påfører lokalsamfunna i kommunen.

- Masfjorden kommune har ikkje merknader til omsøkt alternativ 3.0, ny trase som knyter alternativ 2.0 og 1.1a i Stølsheimen saman.
- Høgdedraget Gråsida, med mykje turutfart og friluftsliv, er visuelt eksponert frå mange kantar, og Masfjorden kommune finn det i utgangspunktet uheldig at kraftlina skal kryssa over her, - uansett alternativ. Er det likevel uråd å unngå dette, vil Masfjorden kommune prioritera alternativ 3.1A framfor 3.1B. Masfjorden kommune krev at kraftlinja ikkje vert ført ned i Øvredalen.
- Masfjorden kommune krev at NVE prioriterer det omsøkte alternativet 3.2 ved Haugsvær.
- Masfjorden kommune vil be NVE prioritera det omsøkte alternativet 3.3. mellom Eikemo og Gunnarbuøyra. Masfjorden kommune vil påpeike at det må visast omsyn til landskap og nærleik til Mollandstølen ved plassering av mastepunkt på strekninga.
- Masfjorden kommune ber NVE prioritera utforming av skulpturmast i Kråkehaugane ved Sleirsvatnet.
- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 300 (420) kV linje frå nordsida av FV-570 til koplingspunkt for sjøkabel i Ildalsvågen. Trase for sjøkabel frå Ildalen til Fensfjorden må plasserast slik at den ikkje hindrar allmenn ferdsel til sjø i området.

Masfjorden kommunestyre er glad for den vilje som NVE viser med tilpasningar av linjetrasear på bakgrunn av lokale innspel og synfaringar langs traseen. Linjetraseen vil likevel utgjere eit svært stort inngrep i turterrenget i fjellheimen, både i ytre delar av kommunen og i tilknytning til Stølsheimen. I tillegg vil traseen påverke kvardagen til mange av lokalsamfunna i kommunen, og kommunen krev difor at NVE pålegg utbyggaren fylgjande kompenserande tiltak:

- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 132 kV lina frå koplingsanlegget på Matre, gjennom Grøn Næringspark Matre, som eit kompenserande tiltak. Denne linja blokkerer no byggjeklart næringsareal.
- BKK har konsesjonssøkt ny koplingsstasjon på Haugsværdalen. Masfjorden kommune krev at NVE pålegg BKK planlegging og tilrettelegging av heile området i Haugsværdalen til føremålet industriareal som eit kompenserande tiltak. Ein turveg med min. 2 m breidde mellom bustadområda Haugsvær og Trodal må vere ein del av tilrettelegginga.
- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 22 kV linja som går frå koplingsstasjon ved Haugsvær til Trodalen, subsidiert å flytte luftlina bort frå byggjeklart bustadområde som eit kompenserande tiltak.

- **Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 22 kV linja som går gjennom bustadfeltet på Haugsvær som eit kompensierende tiltak. Ei kabling her vil frigjera byggjeklare bustadtomtar.**
- **Kabling i Ildalen er eit kompensierende tiltak framfor å føre linjetraseen vidare over Steinsfjellet til Postvågen i Gulen kommune. Arealet i Ildalsvågen har allmenn samfunnsinteresse for tilkomst til sjø og Masfjorden kommune ber NVE pålegge BKK, som eit kompensierende tiltak å planlegge kabling av 300 kV(420)kV linja slik at den ikkje hindrar framtidig allmenn tilkomst frå fylkesvegen og til området.**

Det skjedde i Kommunestyret den 21.02.2013:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka og kontakt med BKK og NVE.

Ørjan Daae spurde om han var ugild i saka sidan han har sendt innspel og er grunneigar der linja kjem.

Ordførar Karstein Totland sa at det er mange som har sendt innspel i saka og trur ikkje at dette er noko problem.

Kommunestyret var samrøystes i at ingen av dei som hadde sendt innspel er ugilde i saka.

Saka vart drøfta.

John Torsvik, H, sette fram eit endringsframlegg.

Torsvik gjekk gjennom framlegget og synte endringane på kart.

Torsvik ba etter dette om gruppemøte.

Møtet vart heva og det vart gruppemøte.

Etter gruppemøtet las John Torsvik,H, opp fylgjande **felles framlegg frå H, Krf, V, Frp, Ap, Sp:**

Masfjorden kommunestyre har handsama tileggsutgreiingar og tilleggssøknadar dagsett 6.12.2012 og har fylgjande merknader og krav til kompensierende tiltak i samband med dei inngrep som kraftlinja påfører lokalsamfunna i kommunen.

- Masfjorden kommune har ikkje merknader til omsøkt alternativ 3.0, ny trase som knyter alternativ 2.0 og 1.1a i Stølsheimen saman.
- Høgdedraget Gråsida, med mykje turutfart og friluftsliv, er visuelt eksponert frå mange kantar, og Masfjorden kommune finn det i utgangspunktet uheldig at kraftlina skal kryssa over her, - uansett alternativ. Er det likevel uråd å unngå dette, vil Masfjorden kommune prioritera alternativ 3.1A framfor 3.1B.
- Masfjorden kommune krev at kraftlinja ikkje vert ført ned i Øvredalen.
- Masfjorden kommune krev at NVE prioriterer det omsøkte alternativet 3.2 ved Haugsvær.

- Masfjorden kommune vil be NVE prioritera det omsøkte alternativet 3.3. mellom Eikemo og Gunnarbuøyra. Masfjorden kommune vil påpeike at det må visast omsyn til landskap og nærleik til Mollandstølen ved plassering av mastepunkt på strekninga.
- Masfjorden kommune ber NVE prioritera utforming av skulpturmast i Kråkehaugane ved Sleirsvatnet.
- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 300 (420) kV linje frå nordsida av FV-570 til koplingspunkt for sjøkabel i Ildalsvågen. Trase for sjøkabel frå Ildalen til Fensfjorden må plasserast slik at den ikkje hindrar allmenn ferdsel til sjø i området.

Masfjorden kommunestyre er glad for den vilje som NVE viser med tilpasningar av linjetrasear på bakgrunn av lokale innspel og synfaringar langs traseen. Linjetraseen vil likevel utgjere eit svært stort inngrep i turterrenget i fjellheimen, både i ytre delar av kommunen og i tilknytning til Stølsheimen. I tillegg vil traseen påvirke kvardagen til mange av lokalsamfunna i kommunen, og kommunen krev difor at NVE pålegg utbyggaren fylgjande kompensierende tiltak:

- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 132 kV lina frå koplingsanlegget på Matre, gjennom Grøn Næringspark Matre, som eit kompensierende tiltak. Denne linja blokkerer no byggjeklart næringsareal.
- BKK har konsesjonssøkt ny koplingsstasjon på Haugsværdalen. Masfjorden kommune krev at NVE pålegg BKK planlegging og tilrettelegging av heile området i Haugsværdalen til føremålet industriareal som eit kompensierende tiltak. Ein turveg med min. 2 m bredde mellom bustadområda Haugsvær og Trodal må vere ein del av tilrettelegginga.
- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 22 kV linja som går frå koblingsstasjon ved Haugsvær til Trodalen, subsidiert å flytte luftlina bort frå byggjeklart bustadområde som eit kompensierende tiltak.
- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 22 kV linja som går gjennom bustadfeltet på Haugsvær som eit kompensierende tiltak. Ei kabling her vil frigjera byggjeklare bustadtomtar.
- Kabling i Ildalen er eit kompensierende tiltak framfor å føre linjetraseen vidare over Steinsfjellet til Postvågen i Gulen kommune. Arealet i Ildalsvågen har allmenn samfunnsinteresse for tilkomst til sjø og Masfjorden kommune ber NVE pålegge BKK, som eit kompensierende tiltak å planlegge kabling av 300 kV(420)kV linja slik at den ikkje hindrar framtidig allmenn tilkomst frå fylkesvegen og til området.

Røysting:

Kommunestyret vedtok samrøystes fellesframlegget frå partia.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	23.03.2009	NVE	Høyring - BKK Nett AS - 300 kV kraftledning Mongstad - Modalen
6	U	10.06.2009	NVE	Uttale frå Masfjorden kommune som gjeld 300 kV kraftledning Mongstad - Modalen
11	I	28.10.2010	NVE	BKK Nett AS- 300(420)kv kraftledning Modalen- Mongstad.
27	U	26.01.2011	NVE	Høyring av søknad og Melding om politisk vedtak - førebels uttale som gjeld BKK Nett AS- 300(420)kv kraftledning Modalen- Mongstad. Høyring av søknad og
35	I	14.05.2012	BKK NETT AS	Vedr svar på tilleggsutredninger og fremming av tilleggsøknad
36	I	21.05.2012	BKK Nett AS	300 (420) kV Modalen-Mongstad - informasjon om offentlig høyring
39	I	10.06.2012	Kristen Bergsvik	Høyringsuttale vedr. 300(420)kV Modalen-Mongstad
38	I	19.06.2012	Håkon Matre	Uttale til tilleggsøknad frå BKK - 300(429 kV kraftledning Modalen-Mongstad
40	U	27.06.2012	NVE	Melding om politisk vedtak - uttale frå Masfjorden kommune som gjeld BKK Nett AS sin konsesjonssøknad - 300 (420) kv kraftledning Modalen - Mongstad
41	I	29.06.2012	Grunneigarar i Ytre Haugsdal v/John Torsvik	Høyringsuttale 300 (420) kV kraftlinje Modalen - Mongstad
42	I	09.08.2012	Fylkesmannen i Hordaland	Fråsegn til tilleggsøknad for 300(420) kV kraftline Modalen
43	I	13.08.2012	NVE	Invitasjon til synfaring av omsøkt 300 (420) kV kraftledning Modalen - Mongstad
44	I	20.08.2012	Ivar Helge Matre	Kopi av uttale sendt NVE i høve Kraftlina Modalen-Mongstad
46	I	24.08.2012	Halvard Haugsvær	Spørsmål om veg frå Trodalsleitet til Kvitskaret
45	I	04.09.2012	Grunneigarane på Litle Matre v/Ivar Helge Matre	Kraftlina Modalen-Mongstad - refleksjonar etter NVE si synfaring
47	U	05.09.2012	Halvard Haugsvær	Svar på brev av 24.08.12 med spørsmål om veg frå Trodalsleitet til Kvitskaret
49	U	06.09.2012	NVE	Tilleggsuttale til NVE etter sluttbefaring 23.-24.aug.

50	I	07.09.2012	Bergen Turlag	Uttale etter befaring 420kV linja Modalen - Mongstad om endringer og nye trasealternativer (alt. 2.0 mm)
51	I	12.09.2012	Kristen Bergsvik	Kommentar til justert trase Modalen - Mongstad over Vardefjellet
52	U	01.10.2012	Ivar Helge Matre	Notat ang følgeskriv til din uttale i kraftlina Modalen - Mongstad
53	I	09.10.2012	Gulen kommune	Modalen - Mongstad. Høgspennetrase 300 (420) kV - vurderte kabeltrasear.
54	I	31.10.2012	Matre bygdelag v/ Asbjørn Bjørneklett	Innspel angående linje trase 300 kv i Matre
56	I	06.12.2012	BKK Nett AS	300 (420) kv kraftleidning Modalen - Mongstad - svar på krav om tilleggsvurderingar etter sluttbefaring
55	I	10.12.2012	NVE	BKK Nett AS - Høyring av ny tilleggssøknad
57	I	12.12.2012	BKK Nett AS	Orientering om høyring av tilleggssøknad 300 (420) Modalen - Mongstad
59	I	03.01.2013	Kristen Bergsvik	Høyringsuttale til BKK si omsøkte kraftlinje Modalen-Mongstad
60	I	31.01.2013	Modalen kommune	Melding om vedtak frå Modalen kommune
61	I	04.02.2013	John T. Torsvik	Tilleggssøknad - høyringsuttale
62	I	06.02.2013	Grunneigarar v/John T. Torsvik	Høyringsuttale Tilleggssøknad 300(420)kV Modalen-Mongstad
65	I	06.02.2013	Jan Olav Fosse	Høyringsuttale Modalen -Mongstad
64	I	07.02.2013	Håkon på vegne av grunneigarane gnr 52 Matre	Høyringsuttale til tilleggssøknad nr 2 frå BKK Nett AS - 300(420) kV kraftleidning Modalen – Mongstad
63	I	07.02.2013	Fylkesmannen i Hordland	Fråsegn til tilleggssøknad - 300 kv kraftledning Mongstad - Modalen
66	I	11.02.2013	Ørjan Daae	Høyringsuttale om om kraftledningen ved Kråkehaugene Naturpark.
67	I	14.02.2013	BKK Nett v/Thor Andre Tautra	Svar på spørsmål om endring av linjetrase mellom Matre og Modalen
68	I	15.02.2013	Gulen kommune v/Magne Instefjord	Kraftlinje Modalen - Mongstad - tilleggsalternativ.

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

BKK har lagt fram nytt svar på tilleggsutgreiingar og tilleggssøknader i samband med bygging av 300 (420) kV kraftleidning frå Modalen til Mongstad. BKK har tidlegare konsesjonssøkt denne linja i 2010, ***Søknad om konsesjon, ekspropriasjonstillatelse og forhåndstiltredelse i samband med ny 300 (420) kV kraftleidning mellom Modalen og Mongstad.***

Konsesjonssøknaden vart sendt på høyring i 2010, og det kom inn mange merknader. På bakgrunn av desse, fekk BKK krav om tilleggsutgreiingar. Som eit resultat av desse la BKK fram svar på tilleggsutgreiingar og tilleggssøknader i mai 2012. Høyringsfrist vart sett til 29.06.2012.

Det vart gjennomført sluttsynfaring på dei omsøkte linjetraseane 23. og 24. august og som eit resultat av denne har BKK no lagt fram endå eit svar på tilleggsutgreiingar og tilleggssøknader i samband med bygging av 300 (420) kV kraftleidning frå Modalen til Mongstad. Høyringsfrist er sett til 08.02.2013. Masfjorden kommune har søkt - og fått innvilga - utsett frist til å sende inn sin høyringsuttale til etter kommunestyremøte 21.febr.

FAKTA

Masfjorden kommunestyre handsama høyringsuttalen til dei alternativa som vart omsøkt i konsesjonssøknaden 24.02.2011, og gav følgjande uttale:

- *Masfjorden kommune er nøgd med at BKK har gått bort frå etablering av koplingsanlegg i Matresdalen.*
- *Masfjorden kommune ber NVE om å gje BKK konsesjon til å kable 132 kV lina frå koplingsanlegget på Matre, gjennom Grøn Næringspark, Matre som eit kompenserande tiltak.*
- *Masfjorden kommune ber NVE om å gje BKK konsesjon til å kable 20 kV lina som går gjennom Trodalen subsidiert å flytte luftlina bort frå byggeområde som eit kompenserande tiltak.*
- *Masfjorden kommune ber NVE om å gje BKK konsesjon til å kable 20 kV lina som går gjennom byggefeltet på Haugsvær som eit kompenserande tiltak.*
- *Masfjorden kommune ber NVE om å pålegge BKK å jobbe vidare med landskapstilpassing for dei nye koplingsanlegga som er planlagt i kommunen. Masfjorden kommune vil verna om dyrkingsjorda i Haugsværdalen og krev at Kvitskaret må utgreiast med med tanke på plassering av nytt koplingsanlegg.*
- *Masfjorden kommune ber NVE om å pålegge BKK å jobbe vidare med designmaste-konseptet, og å vurdere alle master individuelt ut frå både nærområde der ho skal plasserast og innsyn frå Masfjorden/Fensfjorden.*
- *Masfjorden kommune støttar uttalen frå fylkesmannen og krev tilleggsutgreiing for den mest konfliktfylte strekninga Eikemo – Kvamsdalen – Sleire ut frå landskapsomsyn for om mogeleg å finne fleire mellomløyising og redusere negative konsekvensar.*
- *NVE pålegg BKK å leggja Masfjorden kommune Kv 300 (420) kv linja i eksisterande trace forbi Stemmevatnet ved Solheim. Dette av visuelle hensyn med tanke på innsyn frå Solheim og fjorden.*

- *Masfjorden kommune ber NVE om å pålegge BKK velje trace 1.6, over fylkesgrensa Hordaland/Sogn og Fjordane, samt å nytte jordkabel mellom FV 570 og sjøknutepunktet i Ildalen.
Trase for sjøkabel frå Ildalen til Fensfjorden vert plassert slik at den ikkje hindrar allmenn ferdsel til sjø i området.*

Masfjorden kommunestyre handsama tilleggsøknaden 214.06.2012, og gav følgjande uttale:

Som følgje av framføringa av den omsøkte 300 (420) kV linja Modalen- Mongstad får Masfjorden ei ny kraftlinje med høgspenstmaster gjennom kommunen. Kommunen har forståing for den regionale samfunnsnyttan som ei sikker straumforsyning har. Men linja fører til store tekniske inngrep i levande bygder, natur og landskap i ein kommune som alt er tungt belasta etter vasskraftutbygging. Linjer og utanlegg legg band på store areal og kjem i konflikt både med eksisterande busetnad, behovet for ny bustadbygging og næringsareal. Det er derfor særskild viktig at denne nye utbygginga gjennom vår kommune og behovet for avbøtande tiltak, vert vurdert i eit heilskapsperspektiv. Dei avbøtande tiltaka som blir valde, må koma der dei lokalt har størst verdi og samfunnsnytte. Masfjorden kommune krev at NVE tar omsyn til totalbelastninga påført Masfjorden kommune av BKK / NVE for å sikra storsamfunnet straum.

- Masfjorden kommunestyre har vurdert den konsesjonssøkte nye traseen Modalen-Steinsland- Haugsværdalen, alternativ 2.0. På Masfjordsida har denne traseen etter vår meining stor negativ konsekvens for landskap, kulturminne og reiseliv og vi vil sterkt rå frå at denne traseen blir vald. Masfjorden kommunestyre tilrår alt. 1.1a på Masfjordsida.
- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 132 kV lina frå koplingsanlegget på Matre, gjennom Grøn Næringspark, Matre som eit kompensierende tiltak. Denne linja blokkerer no byggeklart næringsareal.
- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 22 kV lina som går gjennom Trodalen, subsidiert å flytte luftlina bort frå byggeområde som eit kompensierende tiltak. Denne linja blokkerer no byggeklart bustadareal.
- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 22 kV lina som går gjennom byggefeltet på Haugsvær som eit kompensierende tiltak. Denne linja er i dag i konflikt med tenleg uteareal i byggefeltet. Ei kabling her vil og frigjera byggeklare bustadtomtar.
- Masfjorden kommune ber NVE om å pålegge BKK å framleis jobbe vidare med designmastekonseptet, og å vurdere konkret plassering, høgde og utforming av alle master individuelt ut frå både nærrområde der ho skal plasserast og innsyn frå Masfjorden/Fensfjorden.
- Masfjorden kommune ber NVE om å pålegge BKK å jobbe vidare med design og landskapstilpassing for dei nye koplingsanlegga som er planlagt i kommunen.
- BKK har konsesjonssøkt om ny koplingsstasjon på Haugsværdalen. Dette er i strid med lokale interesser. Masfjorden kommune krev at NVE pålegg BKK planlegging og tilrettelegging av heile området som nytt industriareal som kompensierende tiltak. Slik kan også anna næringsverksemd verta etablert her.
- Masfjorden kommune støttar det nye alternativet, 2.2, som er konsesjonssøkt for fjordspenn Haugsvær, då dette er mindre belastande for Haugsværbygda.
- Når koplingsstasjonen på Frøyset skal oppgraderast, føreset Masfjorden kommune at opprusting av vegen som trengs i anleggsperioden skjer i dialog med kommunen som ei varig vøle.

- Masfjorden kommune støttar at 300 (420) kV linja vert lagt i eksisterande trace forbi Stemmevatnet ved Solheim. Dette gjev gjenbruk av trase og tar visuelle omsyn med tanke på innsyn frå Solheim og fjorden.
- Masfjorden kommune støttar BKK si prioritering av 2.4A alternativet for Eikemodalen. Dersom alternativ 1 i Eikemodalen vert valt, føreset kommunen bruk av designmaster.
- Ny trase ved Solhaug og vidare sør for Vardefjellet ved Kvamsdalen (2.4b) Den nye traseen, 2.4b, som BKK no søkjer om og prioriterer framfor begge dei tidlegare omsøkte alternativa inneber nye tekniske inngrep i ei li der det alt går ein veg og ei 22 kV linje. Denne nye traseen inneber ei stor endring frå dei to tidlegare traseane, og kommunen har ikkje uttalt seg om dette området tidlegare. Verdivurderingane i KU sett opp mot landskap, kulturminne og friluftsliv i området slik vi lokalt kjenner det, gjer at kommunestyret vil sterkt tilrå at alt. 1.4.a vert vald med god terrengtilpassing. Det nye alternativet 2.4 b vil vera godt synleg frå all båtferdsle på fjorden og frå heile landsida på austsida av fjorden. Den fører heller ikkje til gjenbruk av eksisterande trase. Dersom den nye traseen vert vald av NVE, krev kommunen at NVE fastset tidsfrist for sanering og fjerning av stolpar og installasjonar som høyrer til den eksisterande 132 kV linja som alt går over Eikemo-Kvamsdalen-Kvamshaugane.
- Masfjorden kommune ser det som positivt at masta no er flytta vekk frå holmen i Sleirsvatnet gjennom ny trase, alt 2.5
- Masfjorden kommune støttar ny trase Frøyset- Ildalsvågen og justering av tidlegare omsøkt trase gjennom Ildalen, Masfjorden (alt 2.6) Masfjorden kommune krev primært at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 300 (420) kv linje frå fv 570 til koplingspunkt for sjøkabel. Arealet i Ildalsvågen har allmenn samfunnsinteresse for tilkomst til sjø og Masfjorden kommune krev dette som avbøtande tiltak. Trase for sjøkabel frå Ildalen til Fensfjorden må plasserast slik at den ikkje hindrar allmenn ferdsel til sjø i området.
- Masfjorden kommune har merka seg aktuelle trommel-og riggplassar. BKK skriv at dei vil gå i dialog med berørte grunneigarar og gjera konkrete avtalar. Ein av desse ser ut til å liggja på kommunal grunn på industriområdet på Krossleite. Kommunen ynskjer at planeringa som må gjerast for anleggsperioden (3 år) blir utført slik at området etter dette er varig planert og tilrettelagt for ny aktivitet. Riggplassen i Matresdalen, slik han er innteikna er i konflikt med kulturminne og kan ikkje akseptrast. Det er dokumentert store kulturminneverdiar på Treet i Matresdalen. Ein planert riggplass på 3-5 mål vil rasera fleire av dei registrerte kulturminna samt kraftig redusera verdien av det attverande kulturmiljøet på Treet og området kring..
- Masfjorden kommunestyre er uroa over at tilleggssøknaden er lite kunngjort. Dette gjeld særleg dei to heilt nye tracealternativa 2.0 Modalen – Matre og 2.4 A Bergsvik. Desse to alternativa berører nye grunneigarar som ikkje vart berørt i første fase.

300 (420) kV linja Modalen-Mongstad er av stor samfunnsmessig interesse og vil koma. Det er viktig at Masfjorden kommune får avbøtande tiltak i forhold til at Masfjorden er ein av dei kommunane i fylket som er hardast belasta av utbygginga av linjenettet.

VURDERING

BKK prioriterer for 300 (420) kV Modalen – Mongstad ein kombinasjon av følgjande traséalternativ: Alt 2.0 med terminering i Steinsland – 3.0 – 1.1a – 3.1b – 2.0 – 2.3 – 3.2 0 2.4a – 3.3 – 2.5 – 1.6 med 700 m jordkabel i Iledalen – 3.4b. For strekningar der det ikkje ligg føre fleire alternativ, er alt 1 prioritert.

link til kart nr 1: Modalen – Matre:

<http://skjema.nve.no/NVE-saksdokument/200806673-170-1201148.pdf>

Link til kart nr 2: Matre – Mongstad:

<http://skjema.nve.no/NVE-saksdokument/200806673-170-1201150.pdf>

Rådmannen meiner at BKK har følgd opp kommunestyret sine uttalar og utgreidd og vurdert framlegga og ønskja frå kommunen. Dialogen på sluttsynfaringa var og god.

Rådmannen har etter dette ingen merknader til BKK sin prioriterte linjetrasear.

Overfor NVE vil kommunen på nytt presisere kor viktig kompenserande tiltak lista i tidlegare uttalar er for lokalsamfunnet.

KONKLUSJON

Rådmannen rår kommunestyret til å gjere følgjande vedtak:

Masfjorden kommunestyre handsama tilleggsutgreiingar og tilleggssøknader i samband med bygging av 300 (420) kV kraftledning frå Modalen til Mongstad, og gav følgjande uttale:

- Masfjorden kommune har ingen merknader til BKK sitt prioriterte traseval slik dei går fram på side 2 i søknad om endring og nye trasealternativ.

Masfjorden kommunestyre vil på nytt peike på kor viktig kompenserande tiltak er for lokalsamfunna og gjentar difor følgjande punkt:

- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 132 kV lina frå koplingsanlegget på Matre, gjennom Grøn Næringspark, Matre som eit kompenserande tiltak. Denne linja blokkerer no byggeklart næringsareal.
- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 22 kV lina som går gjennom Trodalen, subsidiert å flytte luftlina bort frå byggeområde som eit kompenserande tiltak. Denne linja blokkerer no byggeklart bustadareal.
- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 22 kV lina som går gjennom byggefeltet på Haugsvær som eit kompenserande tiltak. Denne linja er i dag i konflikt med tenleg uteareal i byggefeltet. Ei kabling her vil og frigjera byggeklare bustadtomtar.
- Masfjorden kommune krev primært at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 300 (420) kv linje frå fv 570 til koplingspunkt for sjøkabel. Arealet i Ildalsvågen har allmenn samfunnsinteresse for tilkomst til sjø og Masfjorden kommune krev dette som avbøtande tiltak. Trase for sjøkabel frå Ildalen til Fensfjorden må plasserast slik at den ikkje hindrar allmenn ferdsel til sjø i området.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	12.02.2013	013/13	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	21.02.2013	009/13	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-504

Arkivsaknr.: 12/726

SAK 09/13 - OPPHEVING AV REGULERINGSPLAN FOR KROSSLEITE INDUSTRIOMRÅDE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 vert reguleringsplan for Krossleite oppheva.

Finansiering: Ingen kostnad

Heimel: plan- og bygningslova

FS-013/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 vert reguleringsplan for Krossleite oppheva.

Finansiering: Ingen kostnad

Heimel: plan- og bygningslova

Det skjedde i Formannskapet den 12.02.2013:

Saka vart drøfta.

Marit Steinestø spurde etter innspel/brev om parkeringsplass på Krossleitet.
Rådgjevar Anne Kristin Rafoss svara at brevet vert lagt med som eit innspel til Reguleringsplan Krossleitet.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

KS-009/13 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 vert reguleringsplan for Krossleite oppheva.

Det skjedde i Kommunestyret den 21.02.2013:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	U	16.11.2012	Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland fylkeskommune; Statens vegvesen; Magne Oddvar Hope; Torunn S. Hammersland; Krossleite Tre BA; Kristen Bernhard Solheim	Reguleringsplan for Krossleite - oppheving av plan - høyringsdokument
4	I	28.11.2012	Region Vest Statens vegvesen	Reguleringsplan - gnr 44 bnr 59 og 68 - oppheving av plan
3	I	07.01.2013	Hordaland fylkeskommune	Svar på høyring om reguleringsplan for Krossleite industriområde gnr 44 - 59 og 68 -


SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN


Det er i planskildringa til kommuneplanen foreslått å oppheve reguleringsplanen for Krossleite industriområde gnr 44 og bruk 59 og 68. Oppheving av reguleringsplan må vedtakast av kommunestyret.

FAKTA

Reguleringsplan for Krossleite industriområde vart vedteken 16.11.1987. Det var i utgangspunktet Masfjorden kommune som eigde heile det 22 daa store regulerte området.





Reguleringsplanen legg opp til 7 einingar der berre 1 er frådelt og påbygd. Den frådelte tomte (i privat eige) er ikkje i tråd med reguleringsplanen. Det er berre arealet nærast fv 379 (Masfjordvegen) som er planert slik flyfoto under indikerer.



Bygningane i opp til høgre i skissa har i dag tilkomst via ei avkjørsle som ligg i krysset mellom Masfjordvegen og Kringlevegen. Det har det lenge vore eit ønskje om å stenge denne avkjørsle og la brukarane nytte same avkjøyrsla som til industriområde, køyre parallelt med fv før ein kjem inn på den gamle private vegen i staden for.

Dette vil utløyse krav om reguleringsendring.

Kommuneplanen frå 2006 viser arealet som byggeområde næring (sjølv om det skulle vore vist kvitt for å indikere at det var ein gjeldande reguleringsplan for området), mens kommuneplanen frå 2012 (lengst til høgre) viser arealet som landbruks-, natur- og friluftsområde der spreidd næringsbygging er tillate.



HØYRING

Saka vart sendt på høyring i brev dagsett 15.11.2012 og kunngjort i avisa Strilen og på kommunen si heimeside. Det har kome 2 merknader til høyringsdokumentet.

UTTALE

Statens vegvesen

Statens vegvesen skriv at dei vurderer reguleringsplanen for Krossleite til å vere framtidretta utforma med omsyn til trafikale element der avkjøyrsla til næringsområdet er eit sentralt tema. Dei skriv at slik dei forstår det vert avkjøyrsla midt i krysset mellom Masfjordvegen og Kringlevegen nytta både til næringsområdet og gbnr 44/3 og store deler av merknaden til vegvesenet er basert på denne forståinga. Statens vegvesen er difor skeptisk til oppheving av reguleringsplanen og ber kommunen heller vurdere eit omregulering av planen slik at deler av vegsystemet i planen kan oppretthaldast.

Rådmannen sin kommentar

Rådmannen presiserer at det berre er eigeom gbnr 44/2 som nyttar avkjøyrsla midt i krysset mellom Masfjordvegen og Kringlevegen. Avkjøyrsla til næringsarealet er etablert slik ho er vist i reguleringsplanen. Reguleringsplanen viser at ny veg til gbnr 44/2 skal nytte etablert avkjøyring til næringsarealet, går midt ned gjennom næringsarealet før 90 grader sving mot aust og mot den vegen som vert nytta i dag. Dette vert vanskeleg å få til slik eigeomsgrensene går i dag. Rådmannen har difor tenkt at gbnr 44/2 i framtida skal nytte etablert avkjøyrsla til næringsarealet for så å svinge rett mot aust og gå parallelt med fylkesvegen fram til den vegen som vert nytta i dag. Rådmannen ser at dette ikkje er godt nok forklart i høyringsdokumentet som vart sendt ut og seier seg lei for dette.

Skal vegen fram til gbnr 44/2 etablerast slik han er regulert i planen må det skje gjennom frivillig avtale med grunneigar eller gjennom oreigning. Gjeldande reguleringsplan er for gamal til å kunne heimle ei oreigningssak så då må ein først endre planen (ny plan pga ny plan- og bygningslov).

Rådmannen meiner framleis at det er eit for stort arbeid å lage ny plan når all endring er innfor planområdet. Avkøyrsla til fylkesvegen vil ikkje verte endra.

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune peiker på at detaljert utomhusplan må utarbeidast for omtalt areal før utbygging av tiltak i området kan godkjennast. Dei skriv vidare at sidan kommunen velgjer å la utbygging i området vere spreidd, vil ein detaljert utomhusplan vere eit viktig grep for vidare effektiv arealbruk.

Rådmannen sin kommentar

Rådmannen viser til føresegnene til kommuneplanen der krav om detaljert utomhusplan alt er nedfelt.

VURDERING

Gjennom kommuneplanprosessen vart alle gjeldande reguleringsplanar gjennomgått og nokre få vart rekna som svært modne for revisjon eller oppheving. Reguleringsplanen for Krossleite var ein av dei. Dei tiltaka som er gjennomført innafor planområdet er ikkje heilt i tråd med plankartet og dei tiltaka ein ønskjer å få gjennomført, utløyser krav om reguleringsendring.

Rådmannen valde difor – i kommuneplanen - å nytte formålet landbruks-, natur- og friluftsområde der spreidd næringsbygging er tillate for industriområdet på Krossleite. Dette formålet ivaretek intensjonane i reguleringsplanen om at dette arealet skal nyttast til næring samstundes som ein står litt friare når det gjeld etablering av interne vegar innafor arealet og vidare tomteinndeling.

Føresegnene til dette formålet i kommuneplanen er:

1.1.1 Område for spreidd næringsbygging, plan- og bygningslova § 11-7 nr 5 b.

Føremålet gjeld spreidd næringsbygging med tilhøyrande tekniske anlegg, vegar og parkering.

Detaljert utomhusplan skal utarbeidast før utbygging av tiltak i områda kan godkjennast. Planen skal syne plassering og hovudform på bygningar, veg- og parkeringsløyising, materialbruk, høgder på terreng og bygg, grøntanlegg og leidningstrasear. Profilar og illustrasjonar skal syne volum og bygningsform samt tilpassing til terreng og omgjevnader.

Rådmannen vurderer det slik at med det grepet som vart gjort i kommuneplanen, bør reguleringsplanen for Krossleite opphevast gjennom ein formell prosess slik at det ikkje seinare oppstår forvirring om arealstatus for området.

Merknadane som har kome inn etter at saka vart sendt på høyring har ikkje tilført saka nye moment som endrar rådmannen si vurdering.

KONKLUSJON

Reguleringsplanen for Krossleite, vedteken i Masfjorden kommunestyre 16.11.1987, vert oppheva.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	12.02.2013	015/13	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	21.02.2013	010/13	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-504

Arkivsaknr.: 12/742

SAK 010/13 - OPPHEVING AV REGULERINGSPLAN FOR BYRKJELAND

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 vert reguleringsplan for Byrkjeland oppheva.

Finansiering: Ingen kostnad

Heimel: plan- og bygningslova

FS-015/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 vert reguleringsplan for Byrkjeland oppheva.

Finansiering: Ingen kostnad

Heimel: plan- og bygningslova

Det skjedde i Formannskapet den 12.02.2013:

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss orienterte om saka.

Arealet er no delt opp i byggeområde til landbruks-, natur- og friområde der spreidd bustadbygging er tillate og byggeområde for hytter.

Areal som i reguleringsplanen ikkje var sett av til byggeområde er i kommuneplanen sett av til LNF.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

KS-010/13 VEDTAK:

Saka vert utsett for nærare utgreiing.

Det skjedde i Kommunestyret den 21.02.2013:

John Torsvik, H, ba om utsetting av saka.

Marit Steinestø, ba rådmannen presisera retningslinjer for TU (teknisk utval)

Røysting over utsettingsframlegget:

Det vart vedteke med 16 mot 1 røyst å utsetta saka.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	U	19.11.2012	46 mottakere...	Reguleringsplan for Byrkjeland - oppheving av plan - offentleg høyring
2	I	28.11.2012	region Vest Statens vegvesen	Reguleringsplan for Byrkjeland - gnr 11 bnr 1,2 og 3 - oppheving av plan
5	I	06.01.2013	Alf Birkeland	Reguleringsplan for Byrkjeland - oppheving av plan
7	I	07.01.2013	Hordaland fylkeskommune	Svar på høyring om Reguleringsplan for Byrkjeland - oppheving av plan

SAKSUTGREIING:


BAKGRUNN

Det er i planskildringa til kommuneplanen foreslått å oppheve reguleringsplanen for Byrkjeland gnr 11 bnr 1, 2 og 3. Oppheving av reguleringsplan må vedtakast av kommunestyret.

FAKTA


Reguleringsplanen på Byrkjeland (skissa lengsts til høgre) vart vedteken i Masfjorden kommunestyre 03.06.1985. Planområdet er på 773 daa og inneheld område for blant anna 3 "hyttefelt" (der til saman 15 hytter er bygd) i tillegg til spreidd busetnad slik skissa nærmast til høgre indikerer.

Eit innspel i kommuneplanprosessen var ønskje om veg inn i hyttefeltet i sør. Dette vil utløyse krav om reguleringsendring



Reguleringsplanen for Byrkjeland vart ikkje vidareført som gjeldande reguleringsplan i kommuneplanen frå 2012. Arealet er no delt opp i byggeområde til landbruks-, natur- og friområde der spreidd bustadbygging er tillate og byggeområde for hytter. Areal som i reguleringsplanen ikkje var sett av til byggeområde er i kommuneplanen sett av til LNF.

For kvart av hytteområde er det sett krav for utarbeiding av reguleringsplan for nye tiltak som veg, vatn og avløp. Det er i planskildringa opna for dispensasjon for tiltak som gjeld bygging av hytte på allereie frådelt tomt samt tilbygg på eksisterande hytter.



HØYRING

Saka vart sendt på høyring i brev dagsett 19.11.2012 og kunngjort i avisa Strilen og på kommunen si heimeside. Det har kome 3 merknader til høyringsdokumentet.

UTTALE

Statens vegvesen

Statens vegvesen har ikkje avgjerande faglege merknader til at ein no opphever reguleringsplanen for Byrkjeland men gjer merksam på at om ein seinare ønskjer å etablere einskild hytter i område, må det på vanleg måte søkjast Statens vegvesen om etablering av avkøyrsløse og dispensasjon frå Veglova § 29 om byggjegrænse til fylkesvegen.

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune skriv at dei vil rå til at det vert utarbeidd reguleringsplan for byggeområde samt detaljerte føringar for område der spreidd fritidsbustadbygging er tillate og føreset at dei område der det er tillate med bygging, ligg utafor område med byggeforbod kring Yndesdalsvassdraget.

Rådmannen sin kommentar

Rådmannen ønskjer å peike på at byggeområda innafor det gamle planområdet er delt opp i tre hyttefelt og eit område der spreidd bustadbygging er tillate. Det er ikkje opna for spreidd hyttebygging i område slik fylkeskommunen skriv i sin uttale. Det er sett plankrav til kvart av hyttefeltet for tiltak som veg, vatn og avløp.

Det eine hyttefeltet i vest ligg innafor byggeforbodat kring Yndesdalsvassdraget, men dette feltet er alt godt utbygd og har veg inn til kvar tomt. Hyttefeltet i sør ligg over 50 meter frå Yndesdalsvassdraget med fylkesveg mellom vassdraget og byggeområde. Dei andre byggeområde ligg utafor byggeforbodat kring Yndesdalsvassdraget.

Alf Birkeland

Alf Birkeland uttrykker motstand mot at reguleringsplanen for Byrkjeland vert oppheva. Dette er grunna i at ein då ikkje vil kunne bygge veg fram til allereie påbygde hyttetomter og at det ikkje kan byggast fleire bustadhus innafor planområdet slik opphavleg plan legg opp til.

Rådmannen sin kommentar

Rådmannen har i fleire rundar, over mange år, prøvd å få til veg inn i dei to hyttefeltet innafor området som ikkje har veg i dag, men har ikkje fått det til pga juridiske begrensingar i plankartet og –føresegnene. Det er difor rådmannen si meining at ein må ha ny reguleringsplan for dei einskilde områda som har søkt om veg, men det er ikkje tenleg å lage ny reguleringsplan for heile det gamle område. Deler av dette område er utbygd og treng ikkje ny plan, mens eit svært stort areal er i reguleringsplanen regulert til landbruk som ikkje heimlar utbygging i det heile. Rådmannen har difor sett av alt areal som alt er påbygd eller planlagt utbygd med hytter til byggeområde i kommuneplanen og det er føresegnene til dette arealformålet i kommuneplanen som gjeld for desse byggeområda. Ved tiltak som veg inn i byggeområde, innlagt vatn eller ordna forhold for avløp, må ein gå via ny reguleringsplan for berre det område tiltaket gjeld, før tiltaket kan etablerast.

Rådmannen gjer merksam på at det arealet som var avsett til bustadbygging med innregulerte tomter no er sett av til landbruks-, natur- og friluftsliv der spreidd bustadbygging er tillate. Dette gjer at ein framleis kan bygge bustadhus i dette arealet men ein er fristilt frå tomtegrensene i reguleringsplanen. Det er føresegnene til dette arealformålet i kommuneplanen som gjeld for dette arealet.

VURDERING

Gjennom kommuneplanprosessen vart alle gjeldande reguleringsplanar gjennomgått og nokre få vart rekna som svært modne for revisjon eller oppheving. Reguleringsplansplanen for Byrkjeland var ein av dei.

I 1986, etter at reguleringsplanen for Byrkjeland var vedteken, vart Yndesdalsvassdraget varig verna. Område for det verna vassdraget dekkjer heile reguleringsplanen. Vernevedtaket har tilbakeverkande kraft og set begrensingar for all byggeaktivitet innafor verneområde også for reguleringsplanen.

Rådmannen meiner at den delen av reguleringsplanen for Byrkjeland som gjeld hytteområda er ein utdatert reguleringsplan, jf pbl 12-4, 5 ledd. Ein gjennomgang av byggesøknader for hytter dei siste åra viser at hyttestorleiken innafor regulerte område vert større og større.

Alle nye hytter (med nokre få unntak) ønskjer vassklossett og ordna avlaupsforhold og dei fleste ønskjer å køyre heilt til hyttetomta. Då det i reguleringsplanen ikkje er planlagt for nokre av desse momenta (med unntak av køyreveg i hytteområde i vest) samt at hyttestorleiken er sett til 60 m², vil ein søknad om bygging av hytte etter dagens standard, legge opp fleire dispensasjonar. Det er naudsynt med endringar i reguleringsplanen som er så store at ein ny plan må til.

Rådmannen vurderer det slik at med det grepet som vart gjort i kommuneplanen, bør reguleringsplanen for Byrkjeland opphevast gjennom ein formell prosess slik at det ikkje seinare oppstår forvirring om arealstatus for området.

Merknadane som har kome inn etter at saka vart sendt på høyring har ikkje tilført saka nye moment som endrar rådmannen si vurdering.

KONKLUSJON

Reguleringsplanen for Byrkjeland, vedteken i Masfjorden kommunestyre 03.06.1985, vert oppheva.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	12.02.2013	014/13	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	21.02.2013	011/13	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-504

Arkivsaknr.: 11/765

SAK 011/13 - REGULERINGSPLAN - LIARINDEN BUSTADFELT - EIGENGODKJENNING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert reguleringsplan for Liarinden Bustadfelt vedteken slik han ligg føre med desse endringane i føresegnene:

- 2.3.4 Det vert ikkje gjeve byggeløyve til meir enn tre bustader før busshaldeplassar og tilkomst til desse er ferdig opparbeidd og godkjent av kommunen og vegmynde.
- 3.3.4 Utbygging skal tilpassast terrenget og det kan ikkje gjerast omfattande terrenginngrep områda.

Finansiering: Gebyrregulativet

Heimel: Plan- og bygningslova

FS-014/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert reguleringsplan for Liarinden Bustadfelt vedteken slik han ligg føre med desse endringane i føresegnene:

- 2.3.4 Det vert ikkje gjeve byggeløyve til meir enn tre bustader før busshaldeplassar og tilkomst til desse er ferdig opparbeidd og godkjent av kommunen og vegmynde.
- 3.3.4 Utbygging skal tilpassast terrenget og det kan ikkje gjerast omfattande terrenginngrep områda.

Finansiering: Gebyrregulativet

Heimel: Plan- og bygningslova

Det skjedde i Formannskapet den 12.02.2013:

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

KS-011/13 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert reguleringsplan for Liarinden Bustadfelt vedteken slik han ligg føre med desse endringane i føresegnene:

2.3.4 Det vert ikkje gjeve byggeløyve til meir enn tre bustader før busshaldeplassar og tilkomst til desse er ferdig opparbeidd og godkjent av kommunen og vegmynde.

3.3.4 Utbygging skal tilpassast terrenget og det kan ikkje gjerast omfattande terrenginngrep områda.

Det skjedde i Kommunestyret den 21.02.2013:

Wenke Ekren sa seg ugild i saka sidan ho er grunneigar. Kommunestyret vedtok med 15 røyster Ekren var ugild.

(eit medlem var ute under avrøysting)

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteke med 15 røyster.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
8	U	10.09.2012	Plan Vest Bergen AS; Statens vegvesen; Plan Vest Bergen AS; Hordaland fylkeskommune; Barnas representant v/Margun Sleire; BKK nett As; Fiskarlaget Vest; Fiskeridirektoratet region Vest; Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland Bondelag; Kystverket Vest; Mattilsynet for Bergen og omland; Nordhordland og Gulen renovasjonsselskap; Magne Olav Morken; Norvald Kvingedal; Venke Ekren Fredheim;	Melding om politisk vedtak - reguleringsplan - Liarinden bustadfelt - offentlig ettersyn

			Kjetil Fjellby; Inga Margit Kvinge; Siren Lauvslund Johannessen; Eli Christine Johannesen; Olav Brurås; Harry Hindenes	
9	I	02.10.2012	Kystverket Vest	UTTALE - Melding om politisk vedtak - Offentleg ettersyn - Reguleringsplan - Gnr 37 bnr 7 mfl. - Liarinden - Masfjorden kommune - Hordaland fylke
10	I	09.10.2012	Region Vest Fiskeridirektoratet	Masfjorden kommune Hordaland - Reguleringsplan for Liarinden gnr37 bnr7 - uttale
11	I	17.10.2012	Eli C. Johannessen	Liarinden bustadfelt, planlagt utbygging - merknad
13	I	24.10.2012	Statens vegvesen	Offentleg ettersyn av reguleringsplan - Liarinden bustadfelt
14	I	29.10.2012	Hordaland fylkeskommune	Gjeld melding om politisk vedtak - reguleringsplan Liarinden - offentlig ettersyn
12	I	29.10.2012	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale - Offentleg ettersyn - Masfjorden - Del av Gnr 37 bnr 7 mfl - Liarinden - Detaljreguleringsplan
15	I	27.11.2012	Mattilsynet	Planforslag 075/12 Liarinden bustadfelt
16	I	04.12.2012	Region Vest Statens vegvesen	Reg.plan for del av gbnr 37/7 m.fl. Liarinden. Plassering av busshaldeplass
17	I	11.12.2012	ardarealplan v/Jan Espen vik	Reguleringsplan for Liarinden, 2. gangs behandling.

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det vart meldt oppstart av reguleringsplanarbeid for Liarinden bustadfelt. Meldinga vart kunngjort med frist for skriftlege merknader sett til 19.12.2011. Planarbeidet er heimla i kommuneplanen vedteken av Masfjorden kommunestyre 31.05.2012.

Planarbeidet er utført av Ard Arealplan as (tidlegare Plan Vest Bergen AS).

FAKTA

Planarbeidet er heimla i kommuneplanen vedteken av Masfjorden kommunestyre 31.05.2012.

HØYRING

Reguleringsplanen vart sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn etter vedtak i formannskapet den 04.09.2011 som sak 075/12. Frist for uttale vart sett til 29.10.2012. Det kom inn 7 merknader til høyringsframlegget.

UTTALE

Kystverket Vest

Kystverket skriv at det generelt er viktig at det ikkje vert sett av større areal i sjø til enkelt-interesser enn det som er strengt naudsynt. Det må heller ikkje planleggast tiltak som hindrar ferdsle.

Fiskeridirektoratet, region Vest

Fiskeridirektoratet skriv at dei i oppstatsmelding gjorde planleggar merksam på at det registrert gyteområde for torsk utafor Mjangersvågen og at eventuelle tiltak om kan virke innpå gytesuksess, bør planleggast utført utanfor fisken sine gytetider. Dei skriv vidare at planframlegget ikkje fører til auka risiko når det gjeld gyteområdet.

Eli C. Johannessen

Eli D. Johannessen skriv at ho er hytteeiger og nabo til planområde og etter oppstartsmeldinga hadde ho sett føre seg 8-10 bustader på område. No når talet er 29 bustader og 24/26 båtplassar meiner ho at planframlegget er heilt uakseptabelt og listar følgjande grunngjeving:

- Hovudvegen er smal og uoversiktleg og vil ikkje tåle ein slik utbygging utan ein omfattande utbetring. Det er heller ikkje gang- og sykkelveg langs hovudvegen.
- Det ikkje er etablert skule eller barnehage i området og at dette vil føre til auke i trafikken.
- Det er ikkje utarbeidd ferdige planar for vatn og avløp.
- Det føles sterkt urettferdig mot andre, einskilte utbyggerar som ikkje får bygge i strandsona at ein no planlegg ei så stor utbygging i strandsona.
- Ei utbygging av ca 30 flytebrygger på nabotomta vil føre til sterk støyforureining i ferieperiodar.

Planleggar sin kommentar

Planforslaget er ikkje endra i høve til dette punkt. Høg utnytting er i høve til nasjonale føringar i arealpolitikken. Planforslaget legg opp til 29 bustader, noko som vil gje ei trafikkauke på drygt 100 køyrety i døgeret. Veggen forbi området er i dag fylkesveg med fartsgrense 80 km/t, og ein ÅDT opp mot 900. Kommuneplanen for Masfjorden har regulert ny fylkesveg utanom planområdet. Sjølv om det ikkje ligg føre konkrete planar for den nye traseen på noverande tidspunkt, vil det ikkje stillast krav om vegutbetring i samband med planforslaget for bustader på Liarinden.

Planforslaget sikrar trygg tilkomst til busshaldeplassane frå bustadområdet, men gang- og sykkelveg langs heile fylkesvegen vert ikkje krevja i samband med planforslaget. Veggen vil heller ikkje nyttast av små born då skular ikkje ligg nært knytt til området.

Skular og barnehage finst på Masfjordnes om lag 12km frå planområdet. Planforslaget legg opp til etablering av busshaldeplassar ved bustadfeltet for skulebarn.

Plan for vatn og kloakk vert utarbeidd når det føreligg godkjent reguleringsplan og før det vert gjeve løyve om igangsetting av tiltak.

Byggeforbodet i strandsona er regulert i Plan og bygningslova § 1-8. Den generelle byggeforbodsona er 100m frå strandlina, men der finst ei rekke unntak frå denne som er omtalt i lova. Mellom anna gjeld ikkje forbodet dersom det i kommuneplanen sin arealdel er sett ei anna byggegrense. Planforslaget for bustader på Liarinden har byggegrensar som er i høve til grensene for bustadføremål i kommuneplanen, og difor i høve til lovar og retningslinjer.

Flytebryggene vil ikkje vere stad for opphald. Støy frå flytebrygga vil i hovudsak vere knytt til båtar til og frå kai, og kan ikkje reknast som korkje helseskadeleg eller så sjenerande at det får innverknad på planforslaget.

Planforlaget har i høyringsrunden fått gode omtalar frå offentlege instansar som ein god reguleringsplan i høve til statlege og regionale retningsliner. Ein forstår at store endringar kring ei hytte vil føre med seg protestar, men dette kan ikkje vege tyngst i planforslaget og kan difor ikkje imøtekommast.

Rådmannen sin kommentar

Rådmannen stør store trekk kommentarane frå planleggjar.

Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen skriv at dei er positive til planframlegget. Dei vil særleg framheva at ålmentas tilgjenge langs sjø er ivareteke. Fylkesmannen rår til at det vert lagt meir konkrete føringar med omsyn til kva som kan tillatast innafør område uthus / naust / badehus. Ein bør i føresegnene til planen sikra at det ikkje kan gjerast omfattande terrenginngrep i strandsona og at utbygginga vert tilpassa terrenget.

Planleggjar sin kommentar

Ny føresegn 3.3.4

Utbygging i skal tilpassast terrenget det kan ikkje gjerast omfattande terrenginngrep i områda.

Rådmannen sin kommentar

Rådmannen rår til at ordlyden i føresegna vert endra til:

Utbygging skal tilpassast terrenget og det kan ikkje gjerast omfattande terrenginngrep områda.

Statens vegvesen

Statens vegvesen skriv at det er eit krav frå deira side at det vert etablert trygg tilkomst til busstopp og at sjølve busstoppa vert etablert. Dei vurderer det som særleg viktig at desse elementa er på plass før bustadfeltet vert etablert og ønskjer at det vert sett rekkefølgjekrav til dette punktet i føresegnene slik:

Før det vert gjeve mellombels ferdigattest på bustadane innafør planområdet skal busslommer og gangveg fram til desse vere ferdig utbygd.

Vidare har vegvesenet nokre kommentarar som gjeld framstilling av byggegrense og siktliner i arealplankartet samt breidda på areal avsett til anna veggrunn langs fylkesvegen.

Planleggjar sin kommentar

Nytt rekkjefølgjekrav 2.3.4

Det vert ikkje gjeve bruksløyve til meir enn ti bustader før busshaldeplassar og tilkomst til desse er ferdig opparbeidd og godkjent av kommunen og vegmynde.

Kommentarane som gjeld framstilling i arealplankartet er stort sett imøtekome og retta i plankartet.

Rådmannen sin kommentar

Rådmannen merkar seg at statens vegvesen ikkje har fremma formell motsegn på rekkefølgjekrav om etableringa busstopp med tilhøyrande gangvegar. Likevel meier rådmannen det er rett å ta inn ei ny føresegn som gjeld dette tema, men dette rekkefølgjekravet må formulerast både slik at planen vert gjennomførbar for tiltakshavar og slik at ein sikrar etablering av busstopp med tilhøyrande gangvegar relativt tett opp til etablering av bustadfeltet.

Rådmannen meier difor at ein kan opne for å bygge eit gitt tal bustader etter reguleringsplanen før ein etablerer busstopp, men synes 10 bustader vert for høgt. Rådmannen sitt forslag er at ein justerer talet til 3 før rekkefølgjekravet slår inn. Dette talet gjeld uavhenging av bruken av bustadhusa.

Vidare meiner rådmannen meiner at det er best å knytte eit rekkjefølgjekrav til byggeløyve i staden for bruksløyve. Eit rekkjefølgjekrav knytt til bruksløyve vil få større konsekvensar for ein 3.person enn om ein stoppar prosjektet mellombels før det vert gitt byggeløyve.

Rådmannen rår difor til at rekkjefølgjekravet i § 2.3.4 vert endra til:

Det vert ikkje gjeve byggeløyve til meir enn tre bustader før busshaldeplassar og tilkomst til desse er ferdig opparbeidd og godkjent av kommunen og vegmynde.

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune skriv at dei er positive til at strandsona er sett av til LNFR-område med gangveg som gjer god tilgjenge til desse areala. Dei tilrår at det vert sett krav til terrengtilpassing i føresegnene for alle byggeområda.

Fylkeskommunen minner om at tiltakshavar pliktar å gje melding til Bergens Sjøfartsmuseum dersom det under mudring, utfylling eller anna arbeide i sjøområda vert påvist skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dei ber om at dette vet teke inn i reguleringsplanføresegnene.

Vidare skriv fylkeskommunen at dei ikkje har kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet, men minner likevel om at tiltakshavar har plikt til å vise aktsemd og til straks å melde frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyte på automatisk freda kulturminne.

Planleggjar sin kommentar

Ny føresegn 3.1.7

Utbygging skal tilpassast terreng

Ny føresegn 3.3.4

Utbygging i skal tilpassast terrenget det kan ikkje gjerast omfattande terrenginngrep i områda.

Ny føresegn 2.6.2

Dersom det under mudring, utfylling eller anna arbeide i sjøområda vert påvist skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, skal arbeidet stogkast og Bergen Sjøfartsmuseum underrettast.

Mattilsynet

Mattilsynet gjer merksam på at eit vassforsyningssystem skal vere godkjent av mattilsynet på det skal forsyne minst 20 hus/hytter eller minst 50 personar.

Planleggjar sin kommentar

Ny føresegn 2.3.3

Vassforsyningsanlegg skal vere godkjend av Mattilsynet, distriktskontor for Bergen og omland, jf Drikkevannsforskriften §§ 8 og 9, før bruksløyve til bustader vert gjeve.

VURDERING

Rådmannen meiner dette er ein god plan med høg arealutnytting sjølv om det er litt utypisk masfjordsk å bygge så tett. Me er godt vant med store tomter og god plass rundt oss. Krav til teknisk infrastruktur som veg (inkludert gang- og sykkelveg), vatn og avlaup gjer at me må tenke nytt - og for oss innovativt ved utbygging av nye bustadfelt. Det er viktig at krav nedfelt i føresegnene både tar omsyn til krava nemnde over og samstundes er formulert slik at planen er gjennomførbar for utbyggjar.

Rådmannen vil difor rå til at ein framforhandlar ein utbyggingsavtale med utbygger når det gjeld veg, vatn og avlaup. Det er kommunestyret som må vedta at ein skal starte eit slikt arbeid og det er kommunestyret som gjev føresetnadane som skal inngå i ein utbyggingsavtale.

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at planframlegget vert vedteke slik det ligg føre med endring i § 2.3.4.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	12.02.2013	018/13	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	21.02.2013	012/13	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-461, N-462	Arkivsaknr.: 13/83
---------------------	--------------------

SAK 012/13 - HØYRINGSUTTALE FRÅ MASFJORDEN KOMMUNE - SØKNAD FRÅ WERGELAND-HALSVIK AS - HANDTERING OG DEPONERING AV RADIOAKTIVT AVFALL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune meiner søknaden er uklar på fleire punkt og finn det vanskeleg å gje uttale basert berre på opplysningane i denne. Masfjorden kommune har ingen merknader til den delen av søknaden som gjeld forlenging av dagens løyve, men er uroa over planane om utviding.

Masfjorden kommune meiner at før ein vurderer noko endring / utviding i aktivitet, må det ligge føre oppdatert KU og ny resipientundersøking for Fensfjordbassenget. Kommunen meiner det er uhaldbart å ta stilling til søknader som baserer seg på 20 år gamle data når området i denne perioden har vore eit av Noregs raskast veksande industriområde der også ein av Noregs største forureiningsskandalar (VestTank) har skjedd.

Masfjorden kommune meiner det er avgjerande i handsaminga av søknaden at avgjerda baserer seg på oppdaterte data som dokumenterer tilstanden i resipienten slik han er i dag. Dette er særst viktig for tillit til industrien, tryggleiken til lokalsamfunna og omdømmet til verksemdar som nyttar fjorden i sin produksjon.

Frå KU 2004 siterer vi:

Vissheten om eksistensen av LRA-deponiet i nærområdet må anses som negativt for den generelle friluftaktiviteten i området: hyttebruk og rekreasjon. Dette gjelder uavhengig av de faktiske forhold knyttet til utslipp fra deponianlegget og de tekniske løsninger, og må antas å involvere alle kommunene med grense til Fensfjorden.

Den eventuelle negative effekten anlegget vil ha for omdømme er knyttet til tiltroen de berørte har til anlegget selv og de som driver det.[...] Det antas at ved forsvarlig og sikker drift av anlegget vil de omdømmemessige skadevirkningene være små.

Oppdatert faktagrunnlag kan også avgrense skadeverknaden som VestTank eksplosjonen og usikkerheiten rundt ubåtfunnet utafor Fedje har påførte området.

Masfjorden kommune opplever belastningar i høve omdømme knytt til industrien i området og vil kome attende til spørsmålet om mogleg kompensasjon i eiga sak seinare.

Finansiering: ingen kostnad

Heimel: § 1 i reglement for Masfjorden kommunestyre

FS-018/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune rår på dette grunnlag i frå at Wergeland Halsvik får fornying av løyvet med fylgjande grunngeving:

- Det er ynskjeleg med utdjupande informasjon om endringane i søknaden frå tiltakshaver og\eller myndigheit til kommunestyret.
- Det er ikkje beskreve i søknaden om det er utslepp til Fensfjorden, dette må opplysast då det er beskreve utsleppsmålingar.
- Det er ikkje beskreve i søknaden om den statlege garantien for etterdrift av anlegget gjeld ved innvilging av ny søknad.
- Det manglar informasjon om grunnen for utviding av mengde, då det i søknaden er antatt mindre mengder enn omsøkt.

Masfjorden kommune meiner at før ein vurderer noko endring / utviding i aktivitet, må det ligge føre oppdatert KU og ny resipientundersøking for Fensfjordbassenget.

Finansiering: ingen kostnad

Heimel: § 1 i reglement for Masfjorden kommunestyre

Det skjedde i Formannskapet den 12.02.2013:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.
Saka vart drøfta.

Egil Kvingedal, V, sa at søknaden var mangelfull på fleire punkt. Kvingedal gjorde framlegg om nytt framlegg til vedtak:

Masfjorden rår på dette grunnlag i frå at Wergeland Halsvik får fornying av løyvet med fylgjande grunngeving:

- Det er ynskjeleg med utdjupande informasjon om endringane i søknaden frå tiltakshavar og\eller myndigheit til kommunestyret.
- Det er ikkje beskreve i søknaden om det er utslepp til Fensfjorden, dette må opplysast då det er beskreve utsleppsmålingar.
- Det er ikkje beskreve i søknaden om den statlege garantien for etterdrift av anlegget gjeld ved innvilging av ny søknad.
- Det manglar informasjon om grunnen for utviding av mengde, då det i søknaden er antatt mindre mengder enn omsøkt.

Røysting:

Venstre sitt framlegg vart samrøystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

KS-012/13 VEDTAK :

Masfjorden kommune rår på dette grunnlag i frå at Wergeland Halsvik får fornying av løyvet med fylgjande grunngeving:

- **Det er ynskjeleg med utdjupande informasjon om endringane i søknaden frå tiltakshaver og/eller myndigheit til kommunestyret.**
- **Det er ikkje beskreve i søknaden om det er utslepp til Fensfjorden, dette må opplysast då det er beskreve utsleppsmålingar.**
- **Det er ikkje beskreve i søknaden om den statlege garantien for etterdrift av anlegget gjeld ved innvilging av ny søknad.**
- **Det manglar informasjon om grunnen for utviding av mengde, då det i søknaden er antatt mindre mengder enn omsøkt.**

Masfjorden kommune meiner at før ein vurderer noko endring / utviding i aktivitet, må det ligge føre oppdatert KU og ny resipientundersøking for Fensfjordbassenget.

Det skjedde i Kommunestyret den 21.02.2013:

Egil Kvingedal informerte om kvifor namnet hans framkom på ein del dokument i saka.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	24.01.2013	Statens strålevern	Ber om høyringsuttale - søknad frå Wergeland-Halsvik AS til handtering og deponering av radioaktivt avfall

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Wergeland-Halsvik As har søkt om løyve til handtering og deponering av radioaktivt avfall samt løyve til radioaktiv ureining ved sitt anlegg i gulen kommune. Søknaden kan lesast på <http://www.nrpa.no/dav/e8a5502ae8.pdf> eller via www.stralevernet.no

FAKTA

Definisjonar:

NORM - Naturally Occurring Radioactive Materials

Kategori I – avfall med aktivitetskonsentrasjon mellom 1 – 10 Bq

Kategori II –avfall med aktivitetskonsentrasjon over 10 Bq

Søknaden

Det vert søkt om løyve til mottak av følgjande avfall:

- NORM-avfall Katergori I og II frå petroleumsindustrien på norsk sokkel
- NORM-kontaminerte gjenstander
- NORM-avfall Katergori I og II frå anna norsk industri / industriverksemd
- NORM-avfall Kategori I og II frå reingjering i Norge av NORM-kontaminert metall/utstyr frå utanlandsk industri

Det vert søkt om løyve til handsaming av NORM-avfall på måte:

- Fråseparering av væske og ifylling av oljeabsorbator og sand i deponeringstønnene, jf dagens løyve
- Om-emballering av NORM-avfall
- Fråseparering av ikkje-aktivt materiale
- Immobilisering av svartstøv
- Kompaktering av NORM-kontaminerte gjenstandar mottatt for deponering

Det vert søkt om løyve til deponering av følgjande mengder:

- Kategori I: 500 tonn/år
- Kategori II: 1000 tonn/år
- Enkeltprosjekt: 5000 tonn/prosjekt

Det vert søkt om løyve til utslepp lik dei mengder som gjeld i dagens løyve:

- Prosessvatn – 100 m³/år
- Ra-226 – 20 kBq/år

- Ra-228 – 10 kBq/år
- Pb-210 – 10 kBq/år
- TOC, Fe, Ba, V, Mn, Cr-tor, As, Ni, Cu, Pb, Zn, Co, Cd, Hg, Sb i mindre mengder

Det vert søkt om endring av utsleppspunkt.

Det vert søkt om løyve til mellomlagring av 100 tonn, jf dagens løyve.

Det vert søkt om endringar i overvakingsprogrammet.

Avfallsmengder og deponikapasitet

Fram til 2011 mottok deponiet både ”gamalt”, lagra avfall og avfall produsert same år. 2011 var det første året dei berre tok i mot avfall produsert same år. I 2012 mottok deponiet ca 35 tonn NORM Kategori I avfall og ca 40 tonn NORM Kategori II avfall. Basert på deira erfaring, vert årleg produsert mengde NORM Kategori I avfall stipulert til ca 50 tonn/år som er ca halvparten av det som låg til grunn ved søknad om etablering av deponiet. Kor mykje NORM Kategori II avfall som vil verte produsert, er vanskeleg å fastslå, men kjem til å ligge langt under tidlegare anslag på 500-1000 tonn/år.

Deponiet har kapasitet 7000 tonn ved bruk av dei to utsprengte deponitunnelane samt ein tilleggskapasitet på 2000 tonn ved bruk at den utsprengte forlengingstunnelen.

Ved eventuelle enkeltprosjekt som kan innebere store mengde NORM-avfall, vil ein på førehand lage planar for bruk av deponivolum og ein eventuell utviding for å gjennopprette ledig deponikapasitet. Med dei nåverande årlege mengder er det ikkje aktuelt å utvide deponiet.

Avfallstyper

Deponiet ønskjer å ta kunne ta i mot alle typer NORM-avfall. Øvre grense for aktivitetskonsentrasjon er i dag på 300 Bq/g og denne ønskjer verksemden vert vidareført sjølv om arbeidet i anlegget i dag er tilpassa avfall med konsentrasjonar under 100 Bq/g.

Det vert presisert i søknaden av uansett kva NORM-avfall som vert mottatt vil det vere under føresetnad av at materialet som skal deponerast er dokumentert å vere stabilt.

VURDERING

Rådmannen har lese søknaden med vedlegg og meiner at søknaden ikkje gjev gode nok opplysningar til at gje tryggleik i sakshandsaminga. Det står blant anna i innleiinga at søknaden gjeld løyve til mottak av avfall av utanlandsk opphav mens det i opplistinga under står at det gjeld mottak av avfall frå reingjering i Norge av NORM-kontaminert materiell / utstyr frå utanlandsk industri. Det første krev etter rådmannen si meining løyve til import av radioaktivt avfall; det andre krev at det er gitt slikt løyve til ei anna verksemd. I avfallsforskrifta § 16-12 står det:

[...] Tillatelse til import av radioaktivt avfall kan bare gis dersom det foreligger tungtveiende grunner og det eksisterer miljømessig forsvarlige løsninger for å håndtere og behandle avfallet i Norge [...].

Rådmannen finn ikkje at Wergeland- Halsvik AS i sin søknad at grunngeve ønskje om mottak av avfall av utanlandsk opphav. Er det gitt løyve til import av radioaktivt avfall til ei anna verksemd, føreset rådmannen at det i den søknaden er gjort greie for korleis avfallet skal handterast og det skal då ikkje vere anna ”loveleg” radioaktivt avfall av utanlandsk opphav for Wergeland- Halsvik AS å kunne ta i mot.

Rådmannen meiner at søknad om deponering av blant anna 5000 tonn/prosjekt ikkje er godt nok gjort greie for. Det er ikkje skrive noko om definisjonen av enkeltprosjekt og om desse tonna kjem i staden for – eller i tillegg til – det som vert søkt om å deponere årleg.

Rådmannen er og usikker på over kor mange år eit prosjekt strekker seg og om ein kan ta i mot avfall frå fleire enkeltprosjekt samstundes slik at ein i realiteten kan få ein mangedobling av omsøkt årleg deponeringsmengd.

Rådmannen har merka seg at Wergeland-Halsvik AS søker om løyve til gjennomføring av NORM-relatert handsaming som gjeld immobilisering av svartstøv. Det står i søknaden at immobilisering skal utførast ved bruk av godkjent metode når denne føreligg. Rådmannen meiner at ein ikkje bør gje førehandsløyve til å bruke ein metode som endå ikkje ligg føre.

Rådmannen kommune meiner søknaden er uklar på fleire punkt og finn det vanskeleg å gje uttale basert berre på opplysningane i denne men har ingen merknader til den delen av søknaden som gjeld forlenging av dagens løyve. Rådmannen er, basert på blant anna det som er skrivne over, uroa over planane om utviding.

Vedlagt søknaden frå Wergeland-Halsvik AS ligg konsekvensutgreiinga frå 2004 med tilleggsgutgreiinga frå 2005. Det er resipientundersøkinga for Fensfjorden som resipient for 1993 som er nytta som underleg for KU. Rådmannen meiner at før ein vurderer noko endring / utviding i aktivitet, må det ligge føre oppdatert KU og ny resipientundersøking for Fensfjordbassenget. Rådmannen meiner det er uhaldbart å ta stilling til søknader som baserer seg på 20 år gamle data når området i denne perioden har vore eit av Noregs raskast veksande industriområde der også ein av Noregs største forureiningsskandalar (VestTank) har skjedd. Denne hendinga avdekkja og uklare nasjonal og regionale ansvarsforhold rundt aktivitetar i fjordbassenget noko som er eit av tema det er gjort greie for i interkommunal plan for Fensfjorden. Dette planarbeidet er eit samarbeid mellom kommunane Lindås, Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden.

Kommunen oppleve i dag belastning i høve omdømmet knytt til industrien i området og rådmannen meiner at eit oppdatert faktagrunnlag og kan avgrense skadeverknaden som VestTank eksplosjonen og usikkerheiten rundt ubåtfunnet utafor Fedje har påførte kommunen og området.

Sitatet nedafør er henta frå KU får 2004 og gjeld omdømme:

Vissheten om eksistensen av LRA-deponiet i nærområdet må anses som negativt for den generelle friluftaktiviteten i området: hyttebruk og rekreasjon. Dette gjelder uavhengig av de faktiske forhold knyttet til utslipp fra deponianlegget og de tekniske løsninger, og må antas å involvere alle kommunene med grense til Fensfjorden.

Den eventuelle negative effekten anlegget vil ha for omdømme er knyttet til tiltroen de berørte har til anlegget selv og de som driver det.[...] Det antas at ved forsvarlig og sikker drift av anlegget vil de omdømmemessige skadevirkningene være små.

Rådmannen meiner difor det er avgjerande i handsaminga av søknaden at avgjerda baserer seg på oppdaterte data som dokumenterer tilstanden i resipienten slik han er i dag. Dette er særskild viktig for tillit til industrien, tryggleiken til lokalsamfunna og omdømmet til verksemder som nyttar fjorden i sin produksjon.

KONKLUSJON

Sjå framlegg til vedtak.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	21.02.2013	013/13	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-460

Arkivsaknr.: 13/135

SAK 013/13 - FRÅSEGN SØKNAD OM UTVIDING AV PRODUKTSPEKTER OG OMLASTING SKIP TIL SKIP VED KAI I GULEN KOMMUNE

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

FRÅSEGN TIL SØKNAD OM UTVIDING AV PRODUKTSPEKTER OG OMLASTING SKIP TIL SKIP VED KAI I GULEN KOMMUNE I SOGN OG FJORDANE.

Masfjorden kommune meiner løyve til utviding av produktspekter, samt løyve til omlasting skip til skip, som omsøkt, ikkje vert gjeve før fylgjande vilkår er oppfylt:

1. Den generelle risikoanalysa som ligg som vedlegg til søknaden tek utgangspunkt i lettare oljeprodukt og er såleis ikkje dekkande for aktivitet som inneber handtering av råolje. Masfjorden kommune ser det som ein føresetnad at det vert forelagt ROS-analyse for handtering av råolje, før eit slikt løyve vert innvilga.
2. Hamnelense av type som er berekna til produktet som vert handtert, skal vera lagt ut rundt involverte fartøy, før ein startar omlastingsarbeidet.
3. Det må i Sløvåg vera tilgjengeleg fartøy og dertil mannskap som kan leggja ut lenser rundt havaristen i samband med omlasting.
4. Verksemda må vera pålagt årleg oljevernøving der den kommunale oljevernberedskapen, samt IUA vert inviterte til å delta. Alle kostnader med øvinga skal dekkast av verksemda.

KS-013/13 VEDTAK:

Masfjorden kommune meiner løyve til utviding av produktspekter, samt løyve til omlasting skip til skip, som omsøkt, ikkje vert gjeve før fylgjande vilkår er oppfylt:

1. Den generelle risikoanalysa som ligg som vedlegg til søknaden tek utgangspunkt i lettare oljeprodukt og er såleis ikkje dekkande for aktivitet som inneber handtering av råolje. Masfjorden kommune ser det som ein føresetnad at det vert forelagt ROS-analyse for handtering av råolje, før eit slikt løyve vert innvilga.
2. Hamnelense av type som er berekna til produktet som vert handtert, skal vera lagt ut rundt involverte fartøy, før ein startar omlastingsarbeidet.
3. Det må i Sløvåg vera tilgjengeleg fartøy og dertil mannskap som kan legga ut lenser rundt skipet i samband med omlasting.
4. Verksemda må vera pålagt årleg oljevernøving der den kommunale oljevernberedskapen, samt IUA vert inviterte til å delta. Alle kostnader med øvinga skal dekkast av verksemda.

Det skjedde i Kommunestyret den 21.02.2013:

Marit Steinestø, KrF, synte til pkt 3 der det står: ”Det må i Sløvåg vera tilgjengeleg fartøy og dertil mannskap som kan legga ut lenser rundt **havaristen** i samband med omlasting”. Steinestø spurde om det ikkje skal stå **skipet** staden for havaristen.

Ordførar Karstein Totland sa at her hadde det kome inn ein skrivefeil og at det skal stå skipet.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Lenke til Klima og energidirektoratet sine høyringsside:

<http://www.klif.no/no/Aktuelt/Horinger-og-kunngjoringer/2013/2011-566/?tab=1>

Høyringsfristen er sett til 20. februar 2013, men Masfjorden kommune har hatt kontakt med KLIF og fått utsett høyringsfrist til 25. februar 2013.

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Denne saka var handsama i formannskapet den 12.02.13 under sak Skriv og meldingar.

Brannsjef for Gulen og Masfjorden orienterte formannskapet om saka. Han synta til kunngjering i samband med søknad frå Alexela Sløvåg, om utviding av produktspekter og omlasting skip – skip, ved deira anlegg i Sløvåg.

Han sa og at han har registrert at det er anskaffa mykje godt beredskapsmateriell ved Alexela sitt anlegg i Sløvåg. Dette ser me positivt på og vonar at dette er eit signal om at verksemda er sitt ansvar bevisst, og får på plass utstyr og system for å ivareta risikobiletet ein, til ei kvar tid, står overfor. Når det gjeld utviding av produktspekteret til no også å omfatta handtering av råolje, gjev dette ein auka risiko.

Formannskapet drøfta saka grundig og kom etter drøfting fram til fråsegna som ligg som tilråding til kommunestyret.

HØYRING

UTTALE

FAKTA

VURDERING

KONKLUSJON

Sjå framlegg til vedtak

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	12.02.2013	019/13	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	21.02.2013	014/13	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-304

Arkivsaknr.: 13/113

SAK 014/13 - BRUK AV RESERVERTE KONTRAKTAR INNAFOR INNKJØPSOMRÅDET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Økonomireglementet for Masfjorden kommune for område innkjøp vert justert, og kor ein legg til grunn aktiv bruk av Forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) § 3 – 12 som høve til å avgrense konkurransar til arbeidsmarknadstiltaksbedrifter. dette gjeld innafor følgjande områder;

- Vaskeri
- Vedlikehald / ryddearbeid
- Kjøkken - Kantinedrift - catering
- Transportoppdrag
- Pakking – utsendingar
- Fruktordning (jobb, skule/barnehage, med meir)
- etc. jf. strategidokumentet frå Einekavane

Unntak frå bruk av reservert kontrakt innan desse områda skal grunngjevast i innkjøpsprotokollen.

Heimel

Forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) § 3 – 12

FS-019/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Økonomireglementet for Masfjorden kommune for område innkjøp vert justert, og kor ein legg til grunn aktiv bruk av Forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) § 3 – 12 som høve til å avgrense konkurransar til arbeidsmarknadstiltaksbedrifter. dette gjeld innafor følgjande områder;

- Vaskeri
- Vedlikehald / ryddearbeid
- Kjøkken - Kantinedrift - catering
- Transportoppdrag
- Pakking – utsendingar
- Fruktordning (jobb, skule/barnehage, med meir)
- etc. jf. strategidokumentet frå Einekavane

Unntak frå bruk av reservert kontrakt innan desse områda skal grunngjevast i innkjøpsprotokollen.

Finansiering**Heimel**

Forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) § 3 – 12

Det skjedde i Formannskapet den 12.02.2013:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøstes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

KS-014/13 VEDTAK :

Økonomireglementet for Masfjorden kommune for område innkjøp vert justert, og kor ein legg til grunn aktiv bruk av Forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) § 3 – 12 som høve til å avgrense konkurransar til arbeidsmarknadstiltaksbedrifter. dette gjeld innafor følgjande områder;

Vaskeri

Vedlikehald / ryddearbeid

Kjøkken - Kantinedrift - catering

Transportoppdrag

Pakking – utsendingar

Fruktordning (jobb, skule/barnehage, med meir)

etc. jf. strategidokumentet frå Einekavane

Unntak frå bruk av reservert kontrakt innan desse områda skal grunnjevast i innkjøpsprotokollen.

Det skjedde i Kommunestyret den 21.02.2013:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøstes vedteke.

SAKSTILFANG:**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN**

Under fellesmøte mellom Formannskap og styret i Einekavane jan. 2013 vart det påpeikt at reserverte kontraktar er eit forhold som kommunen bør innføre, og med det vere med på å sikre oppdrag til Einekavane, samt formalisere innkjøpspraksis som kommunen har hatt over tid overfor Einekavane

FAKTA

Masfjorden kommune er eineigar av Einekavane AS.

Reserverte kontraktar er noko som kom inn i den nye forskrifta om offentlege anskaffelsar (FOA) som trådte i kraft 1. januar 2007.

§ 3 -12- Reserverte kontrakter

Oppdragsgiver kan begrense konkurransen til virksomheter hvor flertallet av de berørte ansatte er funksjonshemmet, og arten eller omfanget av deres handikap innebærer at de ansatte ikke kan utøve arbeid på ordinære vilkår. Dersom oppdragsgiver benytter denne muligheten, må det opplyses om dette i kunngjøringen.

Bruk av FOA § 3- 12 vil seie at det vert gjeve høve til å avgrense ein konkurranse til arbeidsmarknadstiltaksbedrifter. Forøvrig gjennomføres konkurransen på vanleg måte i samsvar med regelverket for offentlige anskaffelsar/innkjøp. Dette betyr at kontraktens gjenstand og verdi avgjer utlysingsområde og konkurranseform. Dette betyr vidare at arbeidsmarknadstiltaksbedrifter må pårekne å konkurrere om kontraktar med tilsvarende arbeidsmarknadsbedrifter nasjonalt eller innan heile EØS området.

Reglane om ”reservert kontrakt” etter § 3 – 12 har som utgangspunkt at anskaffelsens verdi tilseier at det skal gjennomførast ein konkurranse etter regelverket.

For produktområde kor Masfjorden kommune samla sett ikkje gjer innkjøp som overstiger gjeldande terskelverdiar, vil ein fortsatt stå fritt til å konsentrere sine kjøp til arbeidsmarknadsbedrifter. Ein må imidlertid også for anskaffelsar av mindre verdi etterspørje pristilbod frå fleire enn ein leverandør (arbeidsmarknadstiltaksbedrift) dersom dette er muleg, jfr. regelverkets prinsipp om konkurranse frå første krone.

VURDERING

Reglane om reserverte kontraktar er tett knytt til føremålet i Lov om offentlige innkjøp (LOA) § 1 kor det heter.

”Loven og tilhørende forskrift skal bidra til økt verdiskapning i samfunnet og sikre mest mulig effektiv ressursbruk ved offentlig anskaffelser basert på forretningsmessighet og likebehandling. Regelverket skal også bidra til at det offentlige opptrer med stor integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnsmessig måte”

Regelverket frå 2007 har eit sterkt fokus på at det offentlige også skal tenke heilskapleg innafor innkjøpsområdet og at ein i tillegg til å inngå gode avtalar også nyttar marknadsmakt til å fremje og forvalte offentlege verdiar. Utgangspunktet når ein skal vurdere framtidig bruk av ” reserverte kontraktar” er kommunens behov for varer og tenester. Rådmannen ser det som fornuftig å ha klare føringar på området, og som heimlar bruk av Einekavane på relevante områder. Det er behov for å skape klare rammevilkår for både nye og eksisterande arbeidsmarknadsbedrifter i regionen. I tillegg vil eigen organisasjon ha behov for retningslinjer som gjev eit nødvendig og fornuftig handlingsrom. For å kunne vere i stand til å peike på innkjøpsområde som kan vere aktuelle for ” reserverte kontraktar” har ein valt å foreslå dei områder som m.a. er omtalt i strategidokumentet frå Einekavane, og spesifisert som flg. område;

Vaskeri
Vedlikehald / ryddearbeid
Kjøkken - Kantinedrift - catering
Transportoppdrag
Pakking – utsendingar
Fruktordning (jobb, skule/barnehage, med meir)
etc. jf. strategidokumentet frå Einekavane

Kommunale einingar vert oppfordra til å nytte § 3 – 12 også innafor andre innkjøpsområde kor ein finn dette hensiktsmessig.

Det vert lagt til grunn at Masfjorden kommune ved utlysning av konkurranse innfor desse avtaleområda alltid skal vurdere det høve som ligger i FOA § 3 – 12 om ”reserverte kontraktar” Ein kan tenkje seg at heile eller deler av eit innkjøpsområde reserverast etter § 3 – 12.

Når ein oppdragsgjevar har gjennomført ein konkurranse avgrensa til arbeidsmarknads- tiltaksbedrift kan ein ikkje trekkje konkurransen fordi ein ikkje synest tilboda er gode nok/ ville ha fått ein betre pris i det opne marknaden. (under føresetnad av at ein har fått meir enn eit tilbod) Vidare vil ein avgrensa konkurranse medføre færre tilbydarar som igjen kan ha innverknad for pris. Eit argument mot at kostnadene vil stige er at arbeidsmarknadsbedriftene normalt vil ha lågare lønsutgifter enn ordinære produksjonsbedrifter. Det vert lagt til grunn at kostnadene for fleire av dei utpeikte produktområda kan bli høgare for kommunen når ein avgrensar konkurransen til arbeidsmarknadstiltaksbedrifter. Ein antek at dette spesielt vil gjelde i ein overgangsfase inntil konkurransen blant arbeidsmarknadstiltaksbedriftene blir skjerpa.

KONKLUSJON

Økonomireglementet for Masfjorden kommune for område innkjøp vert justert, og kor ein legg til grunn aktiv bruk av Forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) § 3 – 12 som høve til å avgrense konkurransar til arbeidsmarknadstiltaksbedrifter. dette gjeld innfor følgjande områder;

- Vaskeri
- Vedlikehald / ryddearbeid
- Kjøkken - Kantinedrift - catering
- Transportoppdrag
- Pakking – utsendingar
- Fruktordning (jobb, skule/barnehage, med meir)
- etc. jf. strategidokumentet frå Einekavane

Unnatak frå bruk av reservert kontrakt innan desse områda skal grunngjevast i innkjøpsprotokollen.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	21.02.2013	015/13	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-MØTEBØKER	Arkivsaknr.: 13/137
--------------------	---------------------

SAK 015/13 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	13/520	I	29.01.2013	Kontrollutvalet i Masfjorden	Årsmelding for kontrollutvalet for 2012
2	13/521	I	29.01.2013	Kontrollutvalet i Masfjorden v/Vigdis Søvik	Møteutskrift frå møte i kontrollutvalet den 28.01.2013
3	13/522	I	29.01.2013	Kontrollutvalet i Masfjorden	Møteplan og planlagde saker 2013 for kontrollutvalet
4	13/641	I	04.02.2013	Forsvarsdepartementet	Markering av frigjeringsdagen og den nasjonale veterandagen den 8. mai 2013
5	13/646	I	29.01.2013	Hordaland fylkeskommune	Midlar til regionale utviklingsprosjekt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-015/13 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 21.02.2013:

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom skriv og meldingar.

- Ordfører orienterte om at kommunen har fått kopi skriv frå Statens vegvesen til Torill Torsvik Størkersen, med status i arbeidet med å etablere busslomme ved Haugsdalsbakken i Ytre Haugsdal. Det er sett av midlar for 2013 og arbeidet vil starta til hausten.
- Ordfører orienterte og om saka sommarstengd barnehage der det har vore misnøye i høve måten denne saka har vore handsama på og at partane ikkje har vorte varsla på førehand før vedtak vart gjort.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om handsaminga av saka, og spesifiserte at det er snakk om 2 saker, 1 budsjettsak og ei sak kring vedtektsendring. Saksdelen som gjeld budsjett har vore ein del av budsjettet og budsjettrelaterte saker som har vore ute til offentleg ettersyn og dermed varsla som ein del av budsjettprosessen.

Det vart stilt spørsmål om saksgang ved vedtektsendring.

Rådmannen svara at justering av vedtektene blir eiga sak som kjem i april møtet, kor samarbeidsutval/ foreldreutvala får saka på høyring.

Foreldreutvalet indre Masfjorden barnehage har krevd at vedtaket om sommarstengde barnehagar vert forkasta, grunna primært i manglande varsling.

1) Barnehagelova § 4

2) kommunen sine vedtekter for barnehagane

som sendt skriv til Fylkesmannen. Fylkesmannen vil gje svar på skrivet innan 1 månadstid.

Ein legg opp til samarbeid mellom barnehagane/SFO i kvart oppvekstområde, slik at barnehagane vert sommarstengt i ei veke.

Erfaring frå denne saka inneber at vi må vere tidlegare ute med informasjon ved endringar av tilbud, og sikre god dialog med brukarane så tidleg som muleg.

Røysting:

Skriv/meldingar og orienteringar vart teke til orientering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	21.02.2013	016/13	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 13/136
-----------	---------------------

016/13 Delegerte vedtak

DRÅD. 008/12: Skule- og barnehagerute 2013-14

DELEGERT VEDTAK:

Den vedlagde skule- og barnehageruta for skule- og barnehageåret 2013-14 vert fastsett som forskrift.

Finansiering

Har ikkje budsjettkonsekvensar

Heimel

Delegasjonsreglementet pkt. E 6

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-016/13 VEDTAK :

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 21.02.2013:

Delegerte vedtak vart samrøystes teke til orientering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	21.02.2013	017/13	Frode Vee-Haugen

Arkiv: N-606

Arkivsaknr.: 12/590

SAK 017/13 - SØKNAD OM NYTT SALSLOEVE FOR NORDBYGDA SENTER AS I SAMBAND MED EIGARSKIFTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Salsløyve for alkoholgruppe 1 (inntil 4,7 volumprosent) vert tildelt:
Nordbygda senter AS v/Marianne Ulvatn, 5986 Hosteland - Salslokale: Spar Hosteland.
2. Som styrar og avløyser vert desse godkjend:
Marianne Ulvatn, 5986 Hosteland og Magnar Ulvatn, 5986 Hosteland (avløyser)
3. Løyvet gjeld for kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar frå kl. 09.00 - kl. 18.00 i samsvar med alkoholpolitisk handlingsplan pkt 4.1.
4. Løyveperioden gjeld frå d.d. til og med 31.03.16 jfr. alkohollova § 1-7.

Finansiering

Heimel

Alkohollova med forskrifter.

Utskrift vert sendt:

Berit H. Kongestøl		5936	MANGER
Lensmannen i Masfjorden		5966	EIVINDVIK
Marianne Ulvatn		5986	HOSTELAND
Masfjorden kommune - NAV		5986	HOSTELAND
Sosialtenesta			
Merethe Sannes Tveito	Mjukebakkane 18	5918	FREKHAUG
Rune Lindnes		5957	MYKING

KS-017/13 VEDTAK:

1. Salsløyve for alkoholgruppe 1 (inntil 4,7 volumprosent) vert tildelt:
Nordbygda senter AS v/Marianne Ulvatn, 5986 Hosteland - Salslokale: Spar Hosteland.
2. Som styrar og avløysar vert desse godkjend:
Marianne Ulvatn, 5986 Hosteland og Magnar Ulvatn, 5986 Hosteland (avløysar)
3. Løyvet gjeld for kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar frå kl. 09.00 - kl. 18.00 i samsvar med alkoholpolitisk handlingsplan pkt 4.1.
4. Løyveperioden gjeld frå d.d. til og med 31.03.16 jfr. alkohollova § 1-7.

Det skjedde i Kommunestyret den 21.02.2013:

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	06.09.2012	Nordbygda Senter AS	Søknad om godkjenning av ny styrar og avløyser
2	U	13.09.2012	Nordbygda Senter AS	Førebels svar på søknad om godkjenning av ny styrar og avløyser
5	I	11.02.2013	Nordbygda Senter AS	Vedlegg til søknad om salgsbevilling for alkohol
3	I	12.02.2013	Nordbygda Senter AS	Søknad om dispensasjon til å selje alkohol innan svar på søknad om salg av alkoholholdig drikk
4	I	13.02.2013	Nordbygda Senter AS	Søknad salgsbevilling for alkohol
6	I	14.02.2013	spar.hosteland@ngbutikk.net ,	Ettersending av tilleggsopplysningar i samband med søknad om nytt salsløyve
7	U	14.02.2013	Masfjorden kommune - NAV Sosialtenesta; Lensmannen i Masfjorden; Skatteoppkrevjaren	Innhenting av uttale i samband med søknad om nytt salsløyve for Nordbygda senter AS

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Nordbygda senter AS søker om oppattnying av salsløyve for 4 år i samband med overdraging av verksemda til Marianne Ulvatn.

UTTALE

Søknaden er i samsvar med alkohollova sendt den 14.02.2013 til Nav Masfjorden – sosial, politiet og skattefuten for uttale. Uttalane vil bli lagt fram på møte.

FAKTA

Nordbygda senter AS har overdrege verksemda til Marianne Ulvatn som står som eigar av 100 % av aksjane. Ho søker om nytt alminneleg skjenkeløyve for løyveperioden fram til og med 31.03.2016.

Marianne Ulvatn har opplyst i e-post datert 14.02.2013 at ho står som eine eigar av selskapet. Ho står også oppført som kontaktperson og dagleg leiar i Nordbygda senter AS. Butikken det er søkt om løyve for er framleis Spar Hosteland.

Marianne Ulvatn står også oppført som styrar for løyvet medan Magnar Ulvatn står oppført som avløyser.

Styrar og avløyser har dokumentert kunnskap om alkohollova ved at dei har stått i kunnskapsprøven som Masfjorden kommune har halde, jfr. alkohollova §1-7c, 3. ledd.

Eksisterande løyve

Alle butikkane har salsløyve for alkoholgruppe 1, kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar frå kl. 09.00 - kl. 18.00. Dette er i samsvar med gjeldande alkoholpolitisk handlingsplan pkt 4.1.

Løyveperioden gjeld frå og med 01.04.12 til og med 31.03.16 jfr. alkohollova § 1-7.

Løyvehavar har levert inn omsetningsoppgåve for 2012.

I brev dater 13.09.2012 skreiv kommunen følgjande:

Vi har motteke Dykkar søknad datert «Sdo_SvarPaaDokDato» 6.09.2012 om endring hjå løyvehavar, men treng fleire opplysningar:

I samband med opplysning om ny dagleg leiar og at dette er eit AS, ber me om å få opplyst alle personar som har ein vesentleg innverknad på verksemda, dvs. kven som eig aksjane og korleis desse er fordelt, jf. alkohollova § 1-7 sitt krav til vandel.

Svarfristen var 30. september.

Marianne Ulvatn skriv bl.a dette i dispensasjonssøknad datert 12.02.2013:

”Da eg dessverre har misforstått gangen i søkeprosessen, og hatt ei oppfatning av at bestått kunnskapsprøve innebar bevilling, så har eg behov for ein dispensasjon for vidare sal av alkohol ved Nordbygda Senter AS.

Eg håpar på positiv og rask tilbakemelding, da dette elles kan ta veldig kjedelige konsekvensar for bedrifta. Beklagar på det sterkaste at denne situasjonen har oppstått.”

VURDERING

Alkohollova eller delegeringsreglementet gjev ikkje heimel for dispensasjon i denne saka. Rådmannen har i staden handsama saka som ei hastesak til kommunestyret, i påvente av innhenting av uttalar.

Sidan eigarskifte skjedde 1. juli skulle det vore sendt inn fullstendig søknad innan 1. august i fjor. Det manglar opplysning om eigartilhøve, men desse fekk dessverre ikkje kommunen før no. Samstundes vart det også opplyst om at ny styrar måtte ha kunnskapsprøven.

Kommunen bør strekka seg langt sidan søknadane kan tyda på at løyvehavar har missoppfatta reglane i alkohollova i samband med eigarskifte. Det er likevel viktig at løyvehavar og søkjar føl dei fristane og gjev dei opplysningane som kommunen treng. I tillegg kan konsekvensane for butikkdrifta bli store om der vert stopp i løyvet og tap av kundar for ein lengre periode.

Der er til no ikkje motteke kontrollrapportar eller klager av nokon art som tyder på at reglane i alkohollova med forskrifter ikkje har vore følgt for den salsstaden som har søkt om løyve. Erfaringane så langt med løyva har vore tilfredsstillande. Det vert såleis lagt til grunn at reglane i alkohollova bl.a. når det gjeld sal til mindreårige vert følgt ved ei overføring av salsløyve til ny eigar.

Salstidene for alle salsløyva er følgt så langt rådmannen har kjennskap til.

Løyvehavarane har dokumentert tilfredsstillande kunnskap om alkohollova etter det nye og strengare dokumentasjonskravet i nemnte lov.

Det ligg ikkje føre ny informasjon eller opplysningar som gjev grunnlag for å gå bort i frå tidlegare praksis med å gje salsløyve til søkarar for ein løyveperiode.

Rådmannen ser det som ein styrke at søkar har ført opp avløyser i sin søknad.

I samsvar med alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 7 bør kommunestyret på sjølvstendig grunnlag vurdere om dette er eit grovt brot på alkohollova.

KONKLUSJON

Det vert gjeve salsløyve til Nordbygda senter AS ved Marianne Ulvatn for alkoholgruppe 1. Løyvet gjeld Spar Hosteland.

Løyvet gjeld ut perioden, dvs. fram til 31.03.2016. Salstida vert kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar kl 09.00 - 18.00. Det er i samsvar med eksisterande løyveperiode.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	21.02.2013	018/13	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-541	Arkivsaknr.: 07/45
--------------	--------------------

SAK 018/13 - MASFJORDEN VASSVERK - INTENSJONSAVTALE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre er positiv til at det vert gjort ei ny vurdering av kva moglegheiter som ligg i auka vassforsyning Masfjorden - ytre Gulen i tråd med vedlagde intensjonsavtale og behovet for auka vasslevering i området.

Finansiering

Kostnader med forprosjektet må finansierast i samband med saldering/budsjettrevisjon 2013

Heimel

div., m.a. sjølvkostprinsippet

KS-018/13 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre er positiv til at det vert gjort ei ny vurdering av kva moglegheiter som ligg i auka vassforsyning Masfjorden - ytre Gulen i tråd med vedlagde intensjonsavtale og behovet for auka vasslevering i området.

Formannskapet får fullmakt til å velja personar til prosjektgruppe i lag med Gulen.

Det skjedde i Kommunestyret den 21.02.2013:

Egil Kvingedal, V, gjorde framlegg om å utsetta saka til neste kommunestyre.

Grunngjeving:

Denne saka er komme opp så seint at det har blitt lita eller ingen tid til å setja seg inn i dette. Det er i denne saka mykje å setja seg inn i før ein går inn på ein avtale som verken er med i budsjett eller planar. I tillegg så har kommunestyret nettopp vedtatt å setja opp vassavgifta til Masfjorden sine innbyggjarar, og då kan det vera å senda ut feil signal om me som kommunestyre skal vedtak ein intensjonsavtale utan å ha fått sjansen til å setta seg inn i den skikkeleg.

Røysting over utsettingsframlegget:

Utsetjingsframlegget fall med 8 røyster (V, KrF, Sp og Frp.)

Saka vart grundig drøfta. Kommunestyret var delt i synet på om ein skal gå inn for rådmannen sitt framlegg.

John Torsvik; H, gjorde framlegg om eit tilleggspunkt:

Formannskapet får fullmakt til å velja personar til prosjektgruppe i lag med Gulen.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tilleggspunkt frå Høgre vart vedteke med 9 røyster mot 8 røyster. (KrF, Sp, V og Frp)

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	U	15.01.2007	Gulen kommune	Vassforsyning til Gulen- Vassmangel for Masfjorden sin abonnentar
2	I	29.01.2007	Gulen kommune	Vassituasjonen i Hovden - Sløvåg - Ytre Masfjordområdet
3	U	30.03.2007	Urheim Andersen AS v/Rune Andersen	Masfjorden kommune - Hovudvasskjelde
4	I	25.04.2007	Norconsult Sogn og Fjordane	Tilbod rådgivingsarbeid Masfjorden vassverk
6	I	07.05.2007	Norconsult	Felles kommunale VA normer - tilbod på planleggingshjelp
5	U	08.05.2007	Norconsult Sogn og Fjordane	Dykkar tilbod rådgivingsarbeid Masfjorden vassverk
7	I	15.05.2007	Norconsult	Ordrestadfesting - Tilstandsvurdering Masfjorden vassverk
8	N	30.05.2007	Håkon Matre	Møte om vatn til Sløvåg 29.05.2007
9	U	07.11.2007	Norconsult AS Sogn og Fjordane	Måledata frå Masfjorden vassverk
10	I	10.01.2008	Norconsult	Tilstandsvurdering Masfjorden vassverk
11	I	12.02.2008	Gulen kommune	Tinging av trykkaukestasjon for auke vassforsyning i Steine - Sløvåg
14	U	17.04.2008	Norconsult Sogn og Fjordane	Masfjorden vassverk - Vassforsyning til Gulen
15	I	22.04.2008	Norconsult	Kommentarer til målingar utført i februar/april 08
18	U	25.06.2008	Gulen kommune v/rådmannen	Melding om vedtak - Masfjorden vassverk - Vassforsyning til Gulen
16	U	18.05.2011	Gulen kommune v/rådmannen	Oppgradering av vassforsyninga frå Andvik vassverk - auka leveranse til Gulen
19	I	24.05.2011	Nordhordland Handverk- og Industrilag	Vassforsyning til Sløvåg
21	I	31.01.2013	GMU AS v/Torill Størkersen	Oppsummering frå møte vedkomande framtidig behov for vatn

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Intensjonsavtale mellom Gulen kommune og Masfjorden kommune ang. vassforsyning Masfjorden – ytre Gulen.

Bakgrunnen for denne intensjonsavtalen er at kommunane Masfjorden (MK) og Gulen (GK) ynskjer ein auka og meir sikker vassforsyning i området som i dag vert forsynt frå Masfjorden vassverk. (Ref. og møtet mellom Gulen kommune, Masfjorden kommune og GMU den 30.01.2013) Denne avtala omfattar utgreiing av:

- Behov: Kartlegging av noverande og framtidig behov for å sikre ein framtidsretta vekst i område med tanke på bustadar, fritidsbustadar og næring. Dette omfattar både område som i dag er tilknytt vassforsyninga, samt ein eventuell utviding av leveringsområdet.
- Tekniske løysingar: Mogeleg oppgradering av eksisterande leidningar / installasjonar med tanke på auka kapasitet på kort sikt, samt utviding av heile anlegget med større sjø- og landleidningar, fleire borehol etc. for å sikre framtidig leveringsbehov i området. I dette inngår og kapasitet på råvasskjelde, forsyningstryggleik og avklaring av forhold vedk. offentlege myndigheiter og grunneigarar.
- Framdriftsplan: Realistisk framdriftsplanar for oppgradering og utviding vert utarbeidd når intensjonsavtale er vedteken.
- Finansiering og driftsform: under føresetnad av at partane går vidare med prosjektet, går noverande avtale ut med verknad frå 2013. Fordeling av kostnader i samband med oppgraderinga / utvidinga mellom kommunane og eventuelle anleggsbidrag frå næringslivet.

Avklare om det vil vere tenleg med t.d. eige interkommunalt selskap som står for utvikling / drift av vassverket (herunder offentlig forsyningsnett).

- Utkast til bindande avtale mellom MK og GK vedk. finansiering og drift av vassforsyninga.

Kostnadane i samband med denne utgreiinga vert delt likt mellom GK og MK. Samla øvre råde avgrensast til kr. 1.000.000,-

Det skal opprettast ei prosjektgruppe, kommunane utnemner sine representantar for å delta i prosjektgruppa.

Masfjorden kommune har ansvaret for den praktiske leiing / framdrift.

Etter endt utgreiing står kommunane fritt i si vurdering av vald løysing opp i mot andre aktuelle alternativ.

HØYRING

UTTALE

Gulen kommunestyre har gjort flg. Vedtak:

Behandling i Kommunestyret 15.02.2013:

Røysting: Samrøystes

KOM-010/13 Vedtak:

1. Gulen kommunestyre er positiv til at det vert gjort ei nærare vurdering av kva moglegheiter som ligg rundt oppgradering av det tekniske anlegget som i dag forsyner Eidsbotn/Sløvåg området med vatn.
2. Formannskapet får delegert mynde til å
 - a. godkjenne framforhandla intensjonsavtale
 - b. oppnemne representantar til å sitje i prosjektgruppa

FAKTA

Masfjorden kommune har hatt oppe vurderingar kring utgreiingsarbeid tidlegare, og midlar er tidlegare avsett både i budsjett, økonomiplan jf. m.a. noverande vassavtale, og sist fatta vedtak i kommunestyre i 2008.

SAK 054/08 - MASFJORDEN VASSVERK - VASSFORSYNING TIL GULEN

KS-054/08 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune ynskjer å gjennomføre investering i Masfjorden vassverk med tanke på oppfylling av bestillinga frå Gulen og auka forbruk i eigen kommune
2. Det vert gjennomført ny analyse av eige framtidig behov, før anbudsprosess. Vidare må ein gjennomføre analyse og sikring kring lekkasjeforhold omtalt i Norconsults rapport.
3. Auka vasslevering til Gulen krev investering i oppgradering og sikring av vasskjelde og leidningsnett. Det vil også føra til auka driftskostnader. Drøfting og forhandling med Gulen kommune om endra økonomiske tilhøve og reforhandling av noverande avtale må gjennomførast.
- ~~3.4.~~ Når reforhandling/prinsipp kring avtale er avklart med Gulen kommune, gjennomfører ein straks anbudsprosess.
5. Reelle kostnader må vera kjende og vedtekne i begge kommunar før anleggsstart. Saka vert ført attende til kommunestyret for endeleg vedtak og finansiering

Finansiering

Pkt. 1 i form av anleggsbidrag frå Gulen som etter noverande avtale skal dekkje 100% av investeringskostnadene, alt. ved reforhandling av avtale mellom kommune, pkt. 3.3.a og 3.4. vert evt. Masfjorden kommune sin finansieringsdel dekkja av kapitalfondet.

Heimel

Vassavtale mellom kommunane av 1999

KONKLUSJON

For å sikra ønska utvikling i området med omsyn til å sikre folketalsauke og tilrettelegging for næringslivet i kommunane, er ein positiv til at det vert gjort ei ny vurdering av kva moglegheiter som ligg i auka vassforsyning Masfjorden - ytre Gulen i tråd med vedlagde intensjonsavtale og behovet for auka vasslevering i området.

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 21.02.2013 vert vitna:

Karstein Totland
Ordførar

Frode Langhelle
kommunestyremedlem

Tove Kristin S. Tistel
kommunestyremedlem